




# Viltet på Osterøy

Kartlegging av viktige viltområde  
og status for viltartane



Osterøy kommune og  
Fylkesmannen i Hordaland  
2004



# Viltet på Osterøy

Kartlegging av viktige viltområde  
og status for viltartane

Osterøy kommune og  
Fylkesmannen i Hordaland  
2004

MVA-rapport 7/2004

---

**Foto på framsida** frå toppen (namn på fotograf i parentes):

Hjort (T. Wiers), frosk (T. Wiers), songsvanar (T. Wiers), fiskemåseunge (S. Klyve), nordflaggermus (S. Klyve), smålom (S. Klyve), storfugl (S. Klyve).



<b>Ansvarlege institusjonar:</b> Osterøy kommune og Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga	<b>Rapport nr:</b> MVA-rapport 7/2004
<b>Tittel:</b> Viltet på Osterøy. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane	<b>ISBN:</b> 82-8060-032-9 <b>ISSN:</b> 0804-6387
<b>Forfattar:</b> Olav Overvoll og Tore Wiers	<b>Tal sider:</b> 37 + vedlegg
<b>Kommunalt prosjektansvarlig:</b> Sture Helle, miljø- og viltansvarleg	<b>Dato:</b> 20.08.2004
<b>Samandrag:</b> <p>Osterøy kommune har i samarbeid med nabokommunane Vaksdal og Modalen gjennomført ei kartlegging av viktige viltområde. Målet med kartlegginga har vore å lage ei oppdatert oversikt over viktige viltområde til bruk i arealforvaltninga og å presentere ein kunnskapsstatus for viltet i kommunen. Medan det gamle viltkartet nesten utelukkande omhandla jaktbare artar, omfattar den nye oversikta alle viltartar i høve til det utvida viltomgrepet: Alle artar innan gruppene amfibiar, krypdyr, fugl og landpattedyr. Eit utval av artar og funksjonsområde er kartlagt. Når det gjeld småviltet er det lagt særleg vekt på trua og sårbare artar (raudlisteartar) og fåtalige artar med spesielle habitatkrav. Kartverket er delt i fire tema: 1) hjortevilt, 2) småvilt, 3) opplysningar unnateke offentlegheit og 4) prioriterte viltområde (viktige- og svært viktige viltområde). Av desse vil oversikta over prioriterte viltområde vil vere det viktigaste kartet i overordna plansamanheng. Hjorteviltkartet og kartet over prioriterte viltområde er vedlagt rapporten.</p> <p>Rapporten er eit viktig supplement til karta og inneheld generelt stoff om viltforvaltning, litt om korleis kartlegginga i Osterøy har blitt gjennomført, ein omtale av dei prioriterte viltområda og ei oversikt over alle viltartar som er registrerte i kommunen.</p> <p>Fem område i Osterøy er rekna som svært viktige viltområde og 14 som viktige. Det er registrert 183 viltartar i kommunen: 2 amfibium, 1 krypdyrart, 156 fugleartar og 24 pattedyrartar.</p> <p>Situasjonen for viltet kan endre seg, både naturleg og som ein følge av tekniske inngrep og endra arealbruk. Det er naudsynt å oppdatere kartverket med jamne mellomrom, både for å fange opp endringar i arealbruk og ny kunnskap om viltet.</p> <p>Ein har hatt avgrensa ressursar til kartleggingsarbeidet og resultatet kan difor ikkje reknast som fullstendig. Gjennom oppdateringar ved supplerande feltundersøkingar og opplysningar frå lokalkjende, vonar ein at kartverket over tid kan bli både meir presist og meir komplett.</p>	
<b>Referanse:</b> Overvoll, O. & Wiers, T. 2004. Viltet på Osterøy. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. – Osterøy kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 7-2004: 37 s. + vedlegg.	
<b>Emneord:</b> Osterøy kommune, viltkartlegging, biologi, zoologi, amfibiar, krypdyr, fuglar, pattedyr	
<p>Osterøy kommune  5282 Lonevåg  Tlf: 56 19 21 00, Fax: 56 19 21 01  www.osteroy.kommune.no</p>	<p>Fylkesmannen i Hordaland  Miljøvernavdelinga  Postboks 7310  5020 Bergen  Tlf: 55 57 22 00, Fax: 55 57 22 01  www.fylkesmannen.no/hordaland  www.miljostatus.no/hordaland</p>



## FORORD

I ei tid då stadig nye naturområde blir utsette for inngrep av ulike slag, er det viktig å skaffe seg ei oversikt over område som er særleg viktige for det biologiske mangfaldet. Sidan ein stor del av arealplanlegginga skjer på kommunalt nivå, er det naturleg at også ei kartlegging av det biologiske mangfaldet skjer på dette nivået. I 1992 gav Noreg si tilslutning til Riokonvensjonen, ein internasjonal avtale der deltakarlanda forpliktar seg til å få oversikt over-, og ta vare på biologisk mangfald innan landegrensene sine. Nettopp den lokale forankringa i arbeidet med forvaltning av biologisk mangfald vart understreka i dette dokumentet.

Som eit første steg på vegen mot å få ei betre oversikt over viktige naturområde har Osterfjordregionen med Vaksdal, Osterøy og Modalen kommunar, gjennomført ei kartlegging av viktige område for viltet (Dei same kommunane har også samarbeidd om kartlegging av naturtypar, og resultatane frå dette arbeidet vil også bli publisert i 2004). Viltet følgjer ikkje kommunegrensa, men lever fritt i terrenget og brukar eigna leveområde der dei finst. T.d. brukar hjorten ofte tradisjonelle trekkruter som kryssar fleire kommunar. Samarbeid om viltkartlegging over kommunegrensene er difor ofte rasjonelt og effektivt for å få god oversikt over viltet sine leveområde, og sikrar dessutan at kartlegginga blir gjennomført på ein mest mogleg einsarta måte.

Viltkartlegginga i Vaksdal, Osterøy og Modalen kommunar vart sett i gang hausten 1997 etter initiativ frå kommunane sjølve. Me var dei første kommunane i Hordaland som samarbeidde om eit slikt prosjekt. Kartlegginga har vore eit samarbeid mellom kommunane og Fylkesmannen i Hordaland si miljøvern-avdeling, både når det gjeld praktisk arbeid og økonomisk. Tore Wiers vart engasjert som prosjektlei-er til å gjennomføre viltkartlegginga i samarbeid med kommunen sin miljøansvarlege og ei eiga prosjektgruppe. Wiers har stått for innsamling av data og utarbeiding av manuskart. Innsamling av data har først og fremst skjedd gjennom intervju av lokale ressurspersonar med god kjennskap til lokale villforhold. Me ønskjer å rette ei stor takk til alle informantar! Ein del område er sjekka i etterkant for å sjå om sårbare og truga artar framleis er å finna i områda.

Karta er digitaliserte av Bloms Oppmåling AS og Fylkesmannen i Hordaland. Olav Overvoll ved Fylkesmannen si miljøvern-avdeling stått for skriving og framstilling av rapporten og har gjort ein flott jobb for oss i sluttfasen.

Me vonar viltkartlegginga kjem til nytte i den kommunale arealplanlegginga. Me vonar òg at grunneigarar ser på kartverket som ei moglegheit til å ta omsyn, og ikkje som eit hinder for næringsverksemd. Dei avmerka viltområda tyder ikkje vern, men bør sjåast på som ein "ver varsam" plakat, der ein ønskjer at viltinteressene skal bli tekne særskilt omsyn til. Det er òg eit ønske at viltrapporten skal vere med å auke kunnskapen og interessa for vilt blant kommunen sine innbyggjarar.

Dalekvam 8.7.2004

Sture Helle        miljø- og viltansvarleg, Osterøy kommune  
Kristin Nåmdal    miljøansvarleg, Modalen kommune  
Sveinung Klyve   miljøvernrådgjevar, Vaksdal kommune





# INNHALD

<b>FORORD</b> .....	<b>5</b>
<b>INNHALD</b> .....	<b>7</b>
<b>1. INNLEIING</b> .....	<b>9</b>
BAKGRUNN .....	9
LOVGRUNNLAG .....	9
INTERNASJONALE AVTALAR .....	9
ANDRE SENTRALE DOKUMENT .....	9
KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR .....	10
<b>2. UTFORMING AV VILTKARTVERKET</b> .....	<b>11</b>
PRAKTISKE PROBLEM VED VILTKARTLEGGING .....	11
KVA SKAL KARTLEGGAST? .....	11
UTFORMING AV VILTKARTVERKET .....	11
KORLEIS BRUKE VILTKARTA? .....	12
VILTRAPPORTEN .....	12
BRUKARAR AV KARTFESTA INFORMA-SJON OM VILTET .....	12
OPPDATERING OG REVISJON AV VILTKARTA .....	12
<b>3. METODIKK FOR ARBEIDET I OSTERØY</b> .....	<b>13</b>
STYRING/ORGANISERING AV PROSJEKTET .....	13
INNSAMLING AV INFORMASJON .....	13
INFORMANTAR .....	13
KARTFRAMSTILLING .....	13
<b>4. NATURGRUNNLAGET</b> .....	<b>14</b>
GEOGRAFI OG AREALBRUK .....	14
LANDSKAP OG GEOLOGI .....	14
KLIMA .....	14
VEGETASJON .....	14
<b>5. SKILDING AV VILTOMRÅDA I OSTERØY</b> .....	<b>15</b>
SVÆRT VIKTIGE VILTOMRÅDE .....	15
VIKTIGE VILTOMRÅDE .....	15
VIKTIGE TREKKVEGAR FOR HJORT .....	17
<b>6. TRUGA OG SÅRBARE ARTAR I OSTERØY</b> .....	<b>18</b>
RAUDLISTER .....	18
VIKTIGE TRUGSMÅL MOT VILTET .....	18
<b>7. STATUS FOR VILTET I OSTERØY</b> .....	<b>20</b>
AMFIBIUM .....	20
KRYPDYR .....	20
FUGLAR .....	20
PATTEDYR .....	30
FORSLAG TIL VIDARE KARTLEGGING .....	33
<b>8. BRUKARINTERESSER I NATUREN OG KONFLIKTAR I FORHOLD TIL VILTET</b> .....	<b>34</b>
SKOGBRUK .....	34
JORDBRUK .....	34
FRILUFTSLIV OG FERDSEL .....	35
JAKT .....	35
FAUNAKRIMINALITET .....	35
BUSTADOMRÅDE OG INDUSTRI .....	35
VEGAR .....	35
VASSDRAGSREGULERING .....	35
KRAFTLEIDNINGAR .....	36
AVFALL .....	36
OPPDRETTSANLEGG .....	36
<b>9. LITTERATUR</b> .....	<b>37</b>
<b>VEDLEGG I. ARTSLISTE</b> .....	<b>38</b>
<b>VEDLEGG II. KART</b> .....	<b>45</b>



# 1. INNLEIING

## BAKGRUNN

Naturområda våre blir i aukande grad utsette for inngrep av ulike slag. Bygging av bustadfelt, industriområde og andre naturinngrep utgjør eit stadig større press på areala. I denne samanheng er det viktig å kunne integrere viltinteressene i planarbeidet. Bakgrunnen for å lage eit viltkartverk er først og fremst eit ønskje om at viltinteressene i større grad skal bli tatt omsyn til i arealforvaltninga, mest på lokalt nivå gjennom kommuneplanen sin arealdel, men òg på regionalt- og nasjonalt nivå. Dei offentlege brukarane av kartverket vil først og fremst vere kommunen, Fylkeskommunen, Fylkesmannen og Direktoratet for naturforvaltning.

Det er òg eit ønskje at viltkartverket skal bidra til å auke kunnskapen og interessa for vilt blant kommunen sine innbyggjarar. Difor er det viktig at kart og viltrapport blir tilgjengeleg for skular og naturinteresserte i kommunen.

Tidlegare viltkart har vore prega av einseitig fokusering på det jaktbare viltet. Dei nye viltkarta er meir omfattande og skal i prinsippet omfatte alle viltlevande landpattedyr, fuglar, amfibiar og krypdyr. Dette er i tråd med det såkalla utvida viltomgrepet, jamfør villtova § 2. Det er ikkje økonomisk mogleg å kartleggje alle viltartar, det er heller ikkje praktisk forvaltningsmessig sett. Difor er det i kvar kommune gjort eit utval over kva artar og artsgrupper ein ut frå lokale, forvaltningsmessige omsyn meiner det er viktig å få kartlagt. Typiske døme er vinterbeite og viktige trekkveggar for hjort, hekkeplassar for rovfugl, speltplassar for storfugl, sjøfuglkoloniar, våtmarkslokaltetar og spettelier (skogslier med gammal skog, eldre ospesholt og god tilgang på død ved). Førekomstar av trua- og sårbare artar står sjølvstøtt og sentralt. På denne måten ønskjer ein å kartfeste område som er av særskilt verdi for ulike viltartar, og som ein difor bør ta spesielle omsyn til i arealplanlegginga.

## LOVGRUNNLAG

At ein skal ta omsyn til viltet og viltet sine leveområde er grunnfesta i lovverket. Villtova er den mest sentrale, men fleire andre sektorlover har relevans for viltforvaltninga.

- *Viltlova* legg rammer for forvaltninga og utøving av jakt og fangst. Sentralt står føremålsparagrafen, §1, som fastslår at *viltet og viltet sine leveområde* skal forvaltast slik at naturen sin produktivitet og artsmangfald blir bevart. §7 fastset at *omsynet til viltinteressene skal innpassast i den oversiktlege planlegginga i kommune og fylke*. Innpassing av viltinteressene i arealplanlegginga krev solid kunnskap om viltet i det aktuelle planområdet. Kunnskapen om ulike

funksjonsområde må vere kartfesta, slik at arealplanleggjarar i sitt daglege arbeid kan ta dei naudsynste omsyn. Villtova fastset òg at *vedkommande myndigheit på eit tidleg stadium i planlegginga skal søke samarbeid med viltorgana*.

- *Plan- og bygningslova* pålegg kommunen m.a. å utarbeide kommuneplanar for arealdisponeringa der alle samfunnsinteresser, også viltinteressene, skal vurderast. Det er òg rom innanfor PBL å regulere visse område til naturvernomsråde.
- *Skoglova* legg rammene for bruk og utnytting av skogareala. Lova sitt føremål er å fremje skogproduksjon, skogreising og skogvern, men lova fastslår òg at det skal leggjast vekt på skogen sin funksjon som livsmiljø for plantar og dyr og som område for jakt og fiske. I Hordaland er ein relativt liten del av arealet skogkledd (ca. 17%), men skogsmiljøa er viktige viltbiotopar. Forvaltning og drift av desse områda er difor svært viktige i viltforvaltningssamheng.
- *Naturvernlova*. Områdevern og vern av enkeltobjekt skjer med heimel i naturvernlova. Områdevern er eit viktig verkemiddel for å sikre spesielle naturområde.
- *Friluftlova* skal først og fremst avklare forholdet mellom grunneigarar og friluftfolk, men lova nemner òg at ferdsel i utmark skal føregå omsynsfullt overfor grunneigarar, brukarar og andre. Ein skal difor òg ta omsyn til viltet ved ferdsel i skog og mark.
- *Lov om motorferdsel i utmark* har som utgangspunkt at motorisert ferdsel i utmark skal vere forbode. Lova sitt føremål er å regulere motorferdsel i utmark og vassdrag "med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivselen". To tilhøyrande forskrifter av 1988 er òg sentrale her.

## INTERNASJONALE AVTALAR

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslutning til) fleire internasjonale avtalar som er sette i verk for å sikre det biologiske mangfaldet. Internasjonale avtalar forpliktar også på lokalt plan, fordi det er her den praktiske forvaltninga finn stad.

- *Ramsarkonvensjonen* (1975) gjeld vern av våtmarksområde, særleg med tanke på fuglar.
- *Washingtonkonvensjonen – CITES* (1975) regulerer den internasjonale handelen med trua og sårbare viltartar.
- *Bernkonvensjonen* (1979) har som føremål å verne europeiske artar av ville dyr og plantar, og leveområda deira.
- *Bonnkonvensjonen* (1979) gjeld vern av trua og sårbare viltartar som regelmessig kryssar landegrensene (trekkjande artar).
- *Riokonvensjonen eller biodiversitetskonvensjonen* (1993) legg opp til nasjonale prosessar der partane sjølv må identifisere biologisk mangfald som krev bevaringstiltak. Partane er dessutan forplikta til å utvikle nasjonale strategiar for berekraftig bruk og bevaring av biologisk mangfald. Riokonvensjonen er den internasjonale avtalen som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfald. Denne konvensjonen har truleg vore ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltninga ønskjer å satse på ei landsdekkjande, kommunevis kartlegging av biologisk mangfald.

## ANDRE SENTRALE DOKUMENT

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til viltforvaltning. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ønskjer å forme politikken på spesi-

elle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsetjingar og kva verkemiddel ein vil setje i verk får å nå desse måla.

- St. melding nr. 13 (1992-93) om FN konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro.
- St. prp. 56 (1992-93) Om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfald
- St. melding nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken.
- Miljøverndepartementet sitt rundskriv til kommunane (T-937) "Tenke globalt - handle lokalt".
- St. melding nr. 58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- St. melding nr. 8 (1999-2000) Regjeringas miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.
- St. melding nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald. Sektoransvar og samordning.

### **KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR**

Grunnen til at vern av viltet har blitt gjenstand for både nasjonale lovverk og internasjonale avtalar er mange, men dei fleste er bygde på erkjenninga at me sjølve er ein del av naturen og er heilt avhengige av naturprodukt for å overleve. Grovt sett kan argumenta delast inn i tre hovudgrupper:

Økonomiske- og materielle argument: Menneska har til alle tider vore avhengig av viltet for å overleve, og i nyare tid har viltet mange stader blitt ein viktig økonomisk ressurs. Sjølv om ikkje alle dyreartar er like viktige økonomisk og materielt i dag, kan andre artar enn dei vi no utnyttar få stor betydning for oss i framtida.

Eit *genetisk mangfald* er òg viktig for menneska si materielle og økonomiske utvikling. Husdyra våre er framavla frå eit fåtal ville artar. Ved stadig seleksjon på enkelte eigenskapar dukkar det alltid opp uforutsette problem, ved at visse uønskte eigenskapar følgjer dei ønskte eigenskapane. Seleksjon på eit fåtal eigenskapar fører òg til tap av genetisk variasjon. Ville populasjonar kan i denne samanheng vere naudsynt som kjelde til "nytt" genetisk materiale. Genforskning på ville dyr kan òg vere viktig i samband med vidare husdyravl fordi det hjelper oss til å forstå dei naturlege seleksjonsmekanismene.

Kulturelle- og estetiske argument: Storviltjakta kan vere ein økonomisk viktig ressurs, men det er neppe økonomien som er drivkrafta bak jegeren sin motivasjon for å drive jakt. Jakt har lange kulturelle tradisjonar, og det å drive jakt er kanskje òg ein del av mennesket sin nedarva biologi. Både for jegeren og andre natur- og friluftsinteresserte, er opplevinga av naturen i seg sjølv ofte det viktigaste. Og sjølv om særinteressene er mange, er eit mangfald av viltartar ofte ei kjelde til rikare naturoppleving.

Etiske argument: Mennesket er den einaste dyrearten som med fullt medvit kan utrydde andre artar, dette gir oss eit særskilt ansvar. Mange hevdar at alle levande organismar har den same retten til eksistens, uavhengig av om dei synes til nytte eller skade for mennesket. Vi har òg eit ansvar i forhold til framtidige generasjonar sine moglegheter for naturbruk og naturopplevingar.

## 2. UTFORMING AV VILTKARTVERKET

### PRAKTISKE PROBLEM VED VILTKARTLEGGING

Dei ulike viltartane set ulike krav til leveområda sine. Eit leveområde skal dekke fleire funksjonar, først og fremst næring, hekke-/yngleplass og skjul. Nokre artar er spesialiserte, medan andre artar er meir tilpassningsdyktige og kan finnast i ei rekkje ulike biotopar. Enkelte små plante- og insektetarar kan klare seg med leveområde på berre nokre titals kvadratmeter, medan t.d. hønssehauken gjerne brukar eit areal på 20-50 km<sup>2</sup>. Dei store rovdyra er ekstreme i sitt krav til storleik på leveområde. T.d. reknar ein med at ei familiegruppe av gaupe (ho med to ungar) treng eit leveområde på ca. 500 km<sup>2</sup>. Einslege hanngaurer kan ha leveområde på opptil 1500 km<sup>2</sup>. Det som først og fremst bestemmer storleiken på leveområdet er næringstilgangen. Kor stort leveområde eit individ eller eit ynglepar med ungar treng kan variere geografisk, alt etter lokal næringstilgang. For mange artar forandrar kravet til leveområde seg også med årstidene, både når det gjeld storleik og kvalitet.

### KVA SKAL KARTLEGGAST?

Momenta nemnde ovanfor gjer viltkartlegginga komplisert og det er umogleg å fange opp alle viktige funksjonsområde for alle artar. Alle artar krev heller ikkje like store omsyn. Ein har difor gjort eit utval av artar og funksjonsområde som skal kartleggast. Område ein ser det som viktig å få oversikt over i Hordaland er:

- Særleg viktige vinterbeite og særleg viktige trekkvegar for hjort og evt. elg og rådyr. Vinterbeite er berre interessant i kommunar i indre delar av fylket, der snørike vintrar kan skape problem for hjorteviltet.
- Alle funksjonsområde for villrein (kalvingsområde, beiteområde, trekkvegar).
- Viktige funksjonsområde for "sjøfugl" (m.a. viktige hekkeområde og større, årvisse konsentrasjonar i samband med rast- eller overvintring).
- Viktige funksjonsområde for "våtmarksfugl" (m.a. hekkeområde for sjeldne og fåtalige artar, viktige raste- og overvintringsområde).
- Viktige funksjonsområde for spettar ("spetteliet"). Eldre skog på høg bonitet med godt innslag av eldre lauvtre (særleg osp) og god tilgang på død ved.
- Spelplassar for storfugl.
- Hekkeplassar for rovfuglar og hubro.
- Viktige funksjonsområde for raudlisteartar

Nokre funksjonsområde er relativt enkle å avgrense, som t.d. artsrike våtmarksområde, faste hekkeplassar, rasteområde og spelplassar. Det er atskillig verre å avgrense ein art sitt leveområde, og ei slik avgrensing vil vere skjønsmessig. Når det gjeld leveområde har ein lagt vekt på å kartfeste område for arealkrevjande og/eller fåtalige artar med spesielle biotopkrav. Slike artar

knyter det seg ofte store forvaltingsmessige utfordringar til fordi leveområda, grunna storleiken, ofte blir utsett for fragmentering. Blant dei mest aktuelle artane i Hordaland er villrein, hønssehauk, storfugl og kvitryggspett.

Andre område som er stabile over fleire år og enkle å kartfeste blir òg gjerne registrerte under viltkartlegginga, slik som hekkekoloniar av gråhegre og sandsvale og reirplassar for ravn. Desse områda vil vanlegvis ha låg forvaltingsmessig interesse.

### UTFORMING AV VILTKARTVERKET

Alle kommunar som har gjennomført viltkartlegging har dei kartfesta opplysningane på digital form. På denne måten kan kartdata lett tilpassast kommunen sitt kartinnsynsverkty og kommunen kan framstille kart med ulike tema etter behov.

Å samle alle viltopplysningane på *eit* kart fører ofte til at kartet blir lite lesbart fordi det inneheld for mykje informasjon. Ved utskrift av viltkart er det vanleg å dele informasjonen på fire temakart:

1) *Hjortevilt*. Oversikt over hjorteviltet sine viktige beiteområde og trekkvegar. Når det gjeld beiteområde for hjort kan enkelte vinterbeite vere viktige å få kartfesta. Dette gjeld helst i område der det er sannsynlig at tilgang på vinterbeite kan vere ein minimumsfaktor i snørike vintrar.

2) *Småvilt*. Oversikt over viktige førekomstar og funksjonsområde for småviltet. I praksis dreier denne informasjonen seg stort sett om fuglar. Men spesielt viktige førekomstar av amfibiar kan òg vere viktig å kartfeste (t.d. alle førekomstar av stor salamander og særleg store yngleplassar for frosk og padde).

3) *Skjerma opplysningar*. Nokre opplysningar er unnateke offentlegheit fordi det kan tenkast at opplysningane kan bli misbrukt og at allmen kjennskap til dei kan vere til skade for den aktuelle arten. Dette gjeld m.a. hekkeplassar for enkelte rovfuglartar og spelplassar for storfugl og orrfugl. Opplysningane er tilgjengelege for sakshandsamarar i kommunen og hos Fylkesmannen, og vil først og fremst bli nytta i tilfelle der ein står framfor konkrete arealinnrep.

4) *Prioriterte viltområde*. Dette temaet er framstilt med grunnlag i dei tre andre og viser område der viltet bør ha høg prioritet. Kartet over prioriterte viltområde vil vere det viktigaste når det gjeld å trekke opp dei store linjene i arealplanlegginga. Ein deler dei prioriterte viltområda i to kategoriar; svært viktige viltområde og viktige viltområde.

### **Svært viktige viltområde**

Dette er område som ut frå artsførekomstar og funksjon blir vurderte å vere spesielt viktige. I desse områda bør viltinteressene bli tillagt avgjerande vekt i areal-planlegginga. Tekniske inngrep som fører til forringing av områda sin verdi for viltet er uønskt. Det same gjeld tiltak som fører til auka ferdsel og forstyrningar i området. Ved planlegging av tiltak eller aktivitetar i slike område er det viktig at viltansvarlege på kommune- og fylkesnivå og blir kontakta tidleg i planprosessen slik at negative konsekvensar blir så små som mogleg.

### **Viktige viltområde**

Også i desse områda bør ein gi viltinteressene høg prioritet i arealsaker. Desse områda har ikkje like avgjerande kvalitetar for viltet som dei svært viktige viltområda. Likevel gjeld dei same retningslinjene her.

Også i områda utanfor dei prioriterte viltområda pliktar ein, jf. Viltlova, å ta normale omsyn til viltet!

Mange mindre område som ikkje har kome med i viltkartlegginga kan òg reknast som viktige viltbiotopar. Dette gjeld t.d. område med frodig skog i kantar mot kulturmark, kantskog langs elvar og bekkar, mindre vatn/tjørn og område med rik lauvskog i kulturlandskapet. Sjølv om desse områda ikkje er med på viltkartet, er det viktig å vere klar over verdien slike område kan ha både som leveområde og såkalla spreingskorridorar for viltet.

### **KORLEIS BRUKE VILTKARTA?**

Viltopplysningane kan ha mange bruksområde, men er først og fremst tenkt brukt i kommunal arealforvaltning. Oversikta over prioriterte viltområde eignar seg best når dei store linjene i kommuneplanarbeidet skal trekkjast. Dei prioriterte viltområda tyder ikkje vern, men bør sjåast på som ein "ver varsam plakat", der ein ønskjer at viltinteressene skal bli tekne særskilt omsyn til. Dersom det likevel skal gjerast større arealinngrep i slike område, bør dei meir detaljerte opplysningane frå dei andre temakarta nyttast for å prøve å gjere konfliktane så små som råd.

I mange tilfelle vil det vere naudsynt med supplerande undersøkingar i forkant av større arealinngrep. Dette gjeld særleg der dei underliggande artsopplysningane er usikre og mangelfulle.

Dei prioriterte viltområda legg ikkje formelle restriksjonar på vanleg næringsverksemd som t.d. skogsdrift. Men ved planlegging av større inngrep i slike område oppfordrar ein den enkelte grunneigar til å ta særlege omsyn og å rådføre seg med personar med fagkompetanse innan viltbiologi. Også i slike tilfelle vil det ofte vere naudsynt med supplerande undersøkingar.

### **VILTRAPPORTEN**

Viltrapporten er ein viktig del av viltkartverket. Her finn ein mellom anna ein kort omtale av dei prioriterte viltområda med ei grunngeving for kvifor dei har fått høg prioritet. I tillegg blir alle dei ulike artane som er registrert i kommunen omtala. Nokre artsomtalar gir viktig bakgrunn for å kunne sette artsinformasjonen på karta i rett perspektiv. Viltrapporten bør gjerast tilgjengeleg for alle som jobbar med arealplanlegging i kommunen, t.d. teknisk kontor og landbrukskontoret, og kan med fordel delast ut til skular, organisasjonar og interesserte einskildpersonar.

### **BRUKARAR AV KARTFESTA INFORMASJON OM VILTET**

Viltkarta er først og fremst meint å vere ein reiskap til bruk i arealplanlegginga. Kommunen er difor viktigaste brukar, men også anna offentleg og privat forvaltning vil kunne bruke desse datasetta i ulike samanhengar. Særleg når det gjeld viktige viltområde i skog, er det viktig at aktuelle grunneigarar blir informert og får tilgang til relevante opplysningar. Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i lokalundervisninga. Relevante lag, organisasjonar eller enkeltpersonar vil, gjennom kjennskap til kart og rapport, kunne kome med konstruktive innspel til endringar og ny informasjon.

Gjennom Fylkesmannen si miljøvernavdeling og Direktoratet for naturforvaltning blir datasetta fagleg vurderte og lagt inn i Naturbasen. Naturbasen er ein nasjonal database for kartfesta naturinformasjon som no er tilgjengeleg på Internet ([www.naturforvaltning.no](http://www.naturforvaltning.no)).

### **OPPDATERING OG REVISJON AV VILTKARTA**

Jamleg oppdatering av viltkartverket er viktig for å 1) påføre ny kunnskap og 2) fange opp eventuelle endringar i viltet sin bruk av arealet, anten det skuldast naturlege endringar eller endringar som følgje av tekniske inngrep. Det blir tilrådd ein årleg gjennomgang av viltopplysningane i samråd med Fylkesmannen, for påføring av nye opplysningar og korrektur. Det blir òg tilrådd ein hovudrevisjon kvart fjerde år i samband med revisjon av kommuneplanen.

Ein har hatt avgrensa ressursar til kartleggingsarbeidet og resultatet er ikkje fullstendig. Ved kartfestinga er det gjort skjønsmessige vurderingar, som nok kan vere gjenstand for diskusjon. Gjennom oppdatering, som både inkluderer informasjon frå publikum og feltarbeid utført av fagfolk, vonar ein at presisjonen i viltkartverket vil bli betre med tida.

### 3. METODIKK FOR ARBEIDET I OSTERØY

#### STYRING/ORGANISERING AV PROSJEKTET

Viltkartlegginga har vore eit interkommunalt samarbeid mellom Modalen, Osterøy og Osterøy kommunar. Rammene for viltkartlegginga vart diskutert i ei styringsgruppa med representantar frå kvar kommune, Fylkesmannen og prosjektleiar/viltkartleggar.

#### Interkommunal arbeidsgruppe

Sveinung Klyve  
Vaksdal kommune, miljøvernleiar, prosjektansvarleg  
Tore Solberg  
Osterøy kommune  
Sture Helle  
Osterøy kommune  
Kristin Nåmdal  
Modalen kommune  
Tore Wiers  
Prosjektleiar  
Ingrid Danielsen  
Fylkesmannen si miljøvernnavdeling (til 1999)  
Olav Overvoll  
Fylkesmannen si miljøvernnavdeling (frå 1999)

#### INNSAMLING AV INFORMASJON

Innsamling og kartfesting av viltopplysningar har blitt gjennomført av viltkartleggjar. Følgjande informasjonskjelder er nytta:

- Områdeopplysningar frå Naturbasen ved Fylkesmannen si miljøvernnavdeling
- Intervju med ansvarlege for hjortevald og andre med kunnskapar og interesser for viltet i kommunen
- Tidlegare viltkart
- Litteratur
- Eigne feltregistreringar

Intervjua vart i hovudsak gjennomførte våren og hausten 1997, det meste av feltarbeidet vart gjennomført sommaren same år.

Artslista er utarbeidd av Fylkesmannen si miljøvernnavdeling på grunnlag av generell kunnskap om fuglefaunaen i kommunen, opplysningar frå Zoologisk Museum Bergen og gjennomgang av litteratur. Mykje opplysningar er funne ved gjennomgang av "Krompen", Norsk Ornitologisk Forening sitt regionaltidsskrift for Hordaland.

#### INFORMANTAR

Ei rekkje personar fortener takk for nyttige opplysningar:

Inge Halland IHA	Alf Myking AMY
Oddvar Hannisdal OHA	Tor Bjarte Reigstad TBR
Sture Helle SHE	Tore Solberg TSO
Harald Kleiveland HKL	Jon Tveiterås JTV
Olav Meltvik OME	John Tysse JTY

#### KARTFRAMSTILLING

Vurdering av grenser og verdisetting av viltområda er gjort i samarbeid mellom viltkartleggjar og Fylkesmannen si miljøvernnavdeling.

Manuskarta er digitaliserte av Bloms Oppmåling AS etter manuskart i målestokk 1:50 000 utarbeidd av viltkartleggjar. Nokre område er sidan justerte og digitaliserte på nytt ved Fylkesmannen si miljøvernnavdeling. I nokre tilfelle er det nytta digitale markslagskart ved vurdering av områdegrenser.

Den generelle metoden for kartframstilling er skildra i DN-handbok 11 (DN 1996). Her legg ein opp til at karta over prioriterte viltområde blir framstilt ved såkalla overlayanalyse. Denne metoden er ikkje brukt i denne kartlegginga. Avgrensinga av prioriterte viltområde gjort med fagleg skjøn, på grunnlag av opplysningar om artsførekomstar og kunnskap om dei aktuelle artane sine habitatkrav.

## 4. NATURGRUNNLAGET

### GEOGRAFI OG AREALBRUK

Osterøy kommune omfattar størstedelen av Osterøya med unntak av områda lengst i nord-aust som tilhører Vaksdal (sjå kart på framsida). Fjorden dannar grense mot Lindås kommune i nordvest, Bergen i sør og sørvest og Vaksdal i søraust.

Kommunen sitt areal er ca. 254 km<sup>2</sup> og talet på innbyggjarar er ca. 7000. Jordbruksarealet utgjer omlag 11% av totalarealet og område med produktiv skog 32%.

### LANDSKAP OG GEOLOGI

Den midtre og sørvestlege delen av Osterøy, er prega av dei såkalla Bergensboganene. Desse består av samanpressa lag av basiske djupbergartar og omdanna kambrosiluriske bergartar. Landskapet er prega av langstrakte, parallelle ryggar i strøkretninga nordvest–søraust med små dalsøkk, utan særleg store høgdeforskjellar. I nordaust består berggrunnen av gneisbergartar, med meir avrunda og høgare fjell. På grensa mot Vaksdal ligg kommunen sitt høgaste punkt, Høgafjellet, 868 moh. I overgangen mellom dei to bergartskompleksa ligg Storavatnet, som før kraftregulering var to vatn; Austre- og Vestrevatnet.

### KLIMA

Osterøy ligg i eit område med klart til sterkt kystpåverka klima, typisk for ytre og midtre fjordstrøk på Vestlandet (Moen 1998). Ved kysten er klimaet prega av milde vintrar og kjølige somrar, medan det i typiske innlandsklima er varme somrar og kalde vintrar. Osterøy ligg mellom desse ytterpunktta, men er klart mest prega av nærleik til kysten.

Ved målestasjonen ved Lonevåg, 20 moh., er gjennomsnittstemperaturen for kaldaste månad (februar) 0 °C, og for varmaste månad (juli og august) 14 °C. Årsmiddeltemperaturen er 6,5

°C. Temperaturen i fjellområda ligg vesentleg lågare enn dette.

Vestlandskysten er òg prega av mange dagar med nedbør, gjerne meir enn 200 dagar i året (Moen 1998). Årsnedbøren er òg høg, normalen ved målestasjonen ved Gjerstad er 2200 mm. Nedbøren aukar med høgde over havet, slik at fjellområda har høgare gjennomsnittsnedbør enn dette. Det kjem normalt mest nedbør i oktober og minst i mai.

Nærleiken til kysten gjer at snødekket i låglandet på Osterøy sjeldan ligg særleg lenge.

### VEGETASJON

Dei midtre og sørlege delane av Osterøy er dominert av lauvskog (Kart 1, Vedlegg II). Bjørka er det dominerande treslaget, men i mange sørvendte lier finn ein innslag av varmekjær lauvskog med ask, eik, alm, lind og hassel. Det største samanhengande området med edellaubskog finn ein langs Sørfjorden mellom Haus og Bruvik. Den nordlege og nordvestlege delen av Osterøy er dominert av furuskog. Her finn ein ganske store, samanhengande område med relativt gammal furuskog. Men som for resten av skogområda i fylket ber skogen preg av tidlegare utnytting, og gammal skog i økologisk forstand er det vanskelig å finne og få tre er over 130 år.

Alt i alt fordeler hovudtypane av skog seg slik: Barskog 38%, Blandingsskog 10% og lauvskog 52%. Det er òg ein del lauvinnslag i områda med furuskog. Det meste av granskogen på Osterøy er planta inn i tidlegare lauvskog og lyngheiområde i midtre og sørlege delar av kommunen. Skogen på Osterøy er svært produktiv og 60% av barskogen og 86% av lauvskogen står på høg og svært høg bonitet.

Skoggrensa varierer lokalt men går jamt over ved 400–450 moh. Områda over skoggrensa utgjer i underkant av 20% av kommunen sitt areal.

Det fuktige klimaet gjer at det mange stader har blitt danna myr, og på Herlandsnesjane ligg eit av dei største myrområda i låglandet i Hordaland.



## 5. SKILDING AV VILTOMRÅDA I OSTERØY

Gjennom viltkartlegginga er det avgrensa 19 prioriterte viltområde i Osterøy: 5 svært viktige- og 14 viktige viltområde. I det følgjande blir kvart viltområde gitt ein kort omtale. Numra på dei ulike viltområda refererer til områdenumra på viltkartet (Kart 3, Vedlegg II).

Både avgrensing av verdisetting på nokre av desse områda kan nok diskuteras. Osterøy er ein nokså vanskelig kommune å få oversikt over. Særleg mosaikken av skog og jordbrukslandskap og dalføre og åsryggar i den vestre halvdel av kommunen, gjer kartlegging av viltområde komplisert.

Målet med viltkartlegginga har vore å plukke ut dei områda ein meiner har størst verdi for viltet. At ein har lukkast med dette hundre prosent er tvilsamt. Det finst nok område utanfor dei prioriterte viltområda som nok kunne ha vore med, og det er nok område innanfor dei prioriterte viltområda som er mindre viktige for viltet. Kartlegginga må difor sjåast på som eit første steg på vegen mot ei betre oversikt over viktige viltområde i kommunen. Etter kvart som ein får ny informasjon og aktuelle område blir betre undersøkte, vil det danne grunnlag for justering av dagens områdeavgrensing og verdivurdering.

Dei store viltområda i skog er eit signal om at området inneheld vesentlege kvalitetar for arealkrevjande artar. Men det er ønskeleg med ei, om mogleg, meir detaljert stadfesting av verdiar innanfor desse områda (her vil m.a. skogbruksnæringa sine MiS-registreringar kunne vere til hjelp). Dei store prioriterte viltområda er først og fremst aktuelle når kommunen skal trekkje dei store linjene i arealplanlegginga. For andre aktørar, t.d. skogbruksnæringa, er dei prioriterte viltområda eit signal om at det innanfor desse områda finst viktige verdiar ein bør ta omsyn til.

### SVÆRT VIKTIGE VILTOMRÅDE

#### 1. Borgavatnet, Kråkevattet og Eltervatnet

Svært viktig område for våtmarksfugl, først og fremst andefugl. Vatna er for ein stor del er omgevnene kulturlandskap og frodig kantvegetasjon. Når det gjeld hekkande artar er ikkje vatnet spesielt rikt, men gjennom året blir dette våtmarksystemet nytta av mange artar. Av hekkande artar er stokkand og krikand registrert blant andefuglane. Vipe hekkar på grasmarka i sørenden av Borgavatnet, truleg også enkeltbekkasin. I trekktida vår og haust og om vinteren nyttar fleire artar vatnet som rasteområde. Smålom sjåast årleg i trekktida på våren og andefuglar som songsvane, stokkand, toppand, kvinand (og siland meir fåtalig) er årlege trekk og vintergjestar. Av meir sporadiske gjestar kan nemnast kort-

nebbgås, grågås, brunnakke, lappfiskand og sivhøne. Sannsynleg førekjem også vannrikse haust og vinter, men arten er ikkje påvist. Kantvegetasjonen rundt vatna må reknast som viktig hekke og næringsøksområde for sporvefuglar, men berre vanlege artar er registrert.

#### 2. Åsen, Lonevåg

Furuskogsområde nordaust for Lonevåg. Området er dominert av eldre furuskog på god bonitet og trea er mange stader nokså storvaksne. Det er godt innslag av lauvskog. Området er dårleg undersøkt og det finst få konkrete opplysningar om viltet her. Skogen har stort potensiale som spettebiotop og kvitryggspetten er sannsynleg hekkefugl i området. Det er stadvis mykje hakkemerke på gadd i området. Det er også gjort observasjonar som kan tyde på at hønsehauk hekkar i området, og skogen har ein alder og struktur som er typisk for hekkeområda til denne arten.

Området er vurdert som svært viktig ut frå stort potensial for førekomst av fåtalige og sårbare viltartar, men bør undersøkast nærmare.

#### 3. Hakanes

Område dominert av eldre furuskog i mosaikk med myrar. Tradisjonelt hekkeområde for hønsehauk. Mogleg hekkar også duestrast i området. Truleg gjorde minst fem par hekkforsøk her i 1999 (Byrkjeland 1999). Duestrasten er ein svært sjeldan hekkefugl på våre kantar av landet.

#### 4. Stemmetjørnane

Område i skoggrensa med furuskog, myrar og fleire vatn og tjørn. Størstedelen av området ligg i Vaksdal kommune. Området har først og fremst verdi som hekkeplass for smålom. Dette er ein svært fåtalig art i Hordaland og han er svært var for forstyrringar på hekkeplassen. Smålom som årleg blir sett på næringsssøk i Austre- og Vestrevatnet er truleg hekkefuglar frå dette området.

#### 5. Heimvika

Kupert, relativt urørt furuskogsområde på nordspissen av Osterøy. Hønsehauk, storfugl og kvitryggspett hekkar i området. To tiurleikar er registrert. Heile området rundt Heimvika skal vere eit viktig vinterbeite for hjort.

### VIKTIGE VILTOMRÅDE

#### 6. Votløyna

To holmar i Sørfjorden nord/vest for Haus. Hekkelokalitet måsar. Holmane er ikkje undersøkte

med båt den seinare tid, men truleg er det først og fremst fiskemåse som hekkar her, men òg gråmåse og kanskje sildemåse. Tjelden er regulær hekkefugl, men fåtalig. Tidlegare har grågås og makrellterne hekka på holmen. Utanom hekketida blir holmane nytta som kvileplass for sjøfugl, først og fremst måsar, men òg ein og annan storskarv og ærfugl.

### **7. Mjeldavågen**

Området omfattar brakkvasspollen i Mjeldavågen, straumen og området i sjøen like utanfor. Næringsøksområde og rasteområde for andefugl, vadarar og måsar. Vipe og tjeld hekkar i området og desse nyttar også jordbrukslandskapet langs vågen.

### **8. Kvisti - Bruvik**

Langstrakt, bratt og for det meste sørvendt lauvskogslø langs Sørfjorden, på sørsida av Osterøy. Store delar av området er edellauvskog. Dei fleste edellauvtrea er representert, men ask dominerer.

Sannsynleg det viktigaste vinterbeitet for hjort på Osterøy. Området er bratt og fjordnært og vanlegvis lite snø.

Området er ikkje godt undersøkt med tanke på fugl, men edellauvskog har ofte høge tettheiter av sporvefugl, sjølv om artssamansetjinga er relativt triviell. Elles er lia ein potensiell spettebiotop, i alle fall på litt sikt, dersom det blir meir død ved i området (skogen har nok blitt nokså intensivt utnytta i tidlegare tider og trea er ikkje særleg gamle). Berre grønspeitt vart registrert under viltkartlegginga.

### **9. Bruvikholmen**

To små Holmar like utanfor Bruvik. På den største holmen ligg den største fiskemåsekolonien i Osterøy kommune. Kolonien har vore stabil gjennom fleire år og talet på hekkepar varierer rundt 40.

### **10. Valestrandmarka**

Skogområde mellom Brakvatnet og Valestrand. Bjørk er det dominerande treslaget. Ein del av området ser ut til å ha vore beitemark/skogsbeite tidlegare, og er i ein attgroingsfase med stadvis mykje einer i busksjiktet. Området har parti med nokså gammal, storvaksen bjørkeskog med innslag av død ved. Dvergspett og kvitryggspett hekkar i området og grønspeitt er observert. Det går òg ein viktig trekkveg for hjort gjennom området.

### **11. Låstadvatnet**

Nokså grunt vatn, stadvis med frodig kantvegetasjon. Stokkand og krikand hekkar truleg i tilknytning til vatnet, og småflokkar av kvinand (sjeldnare toppand) førekjem regelmessig om

vinteren. Fast rasteplass for songsvane i isfrie periodar om vinteren.

### **12. Rispingdalen**

Område med stadvis gammal bjørkeskog. Området er dårleg undersøkt med omsyn til vilt, men har stort potensial som hekkeområde for kvitryggspett.

### **13. Lonevågen**

Omfattar ytre halvdel av Lonevågen mot Osterfjorden. Først og fremst viktig som rasteområde for toppand og kvinand om vinteren. Viktig del av det store overvintringsområdet for andefugl som omfattar store delar av Osterfjorden (inkl. Hjelmåsvågen og Eikangervågen i Lindås). Området omfattar også Fjellskålholmen og Storeholmen, som er hekkeplassar for måsar og ternar. Det har imidlertid vore liten hekkeaktivitet på desse holmane dei seinare åra, men dette kan snu seg att, dersom holmane ikkje blir for tilgrodde med buskar og tre og får ligge i fred i hekkeperioden.

### **14. Mykingatjørna/Venafitjane**

Våtmarksområde på vestsida av Vestrevatnet. Mosaikk av myr og fattig furuskog, mykje likt landskapet på Herlandsnesjane. Mykingatjørna er grunn og uvanleg rik på flyteplantar. Hekke og rasteområde for andefugl. Av hekkande andearter er stokkand og krikand sannsynlege. Skogsnipe som er sjeldan på Vestlandet, og på Osterøy elles berre er registrert på Herlandsnesjane, vart registrert hekkande i 2001.

### **15. Nordmyking - Brattlia - Galteland**

Større skogområde langs lia aust for Åsheimsveten og Tveitafjellet. Furusog er dominerande med lauvinnslaget er godt og mange stader finst reine lauvskogsområde. Området har bra potensiale som spettebiotop, men bør undersøkjast nærmare. Særleg dei øvre delane av området er leveområde for storfugl og det er registrert ein leik her.

Området er vurdert som svært viktig på grunn av storleik og tilstand, men bør undersøkjast nærmare.

### **16. Fotlandsvågen**

Omfattar ytre halvdel av Fotlandsvågen mot Osterfjorden. Rasteområde for andefugl om vinteren. Del av det store overvintringsområdet for andefugl som omfattar store delar av Osterfjorden (inkl. Hjelmåsvågen og Eikangervågen i Lindås).

### **17. Løtveitfjellet - Nonkletten**

Større, samanhengande furuskogsområde sør og aust for Kleppsvatnet og vest for Tyssedalen. Dei sentrale, høgareliggande delane av

området er relativt lite påverka av skogbruk, sidan desse områda har låg produktivitet og stadvis mykje fjell i dagen. Men desse områda har relativt liten verdi som viltområde, sjølv om både hjort, storfugl og orrfugl til ein viss grad nyttar området. Det er registrert *ein* tiurleik i området, og i følgje lokale opplysningar skal det finnast det ein eller to til. Leikane er ofte plasserte høgt i terrenget, men skogen må ikkje vere for glissen. Det er i dei meir produktive lisidene ein finn dei største viltverdiane. Her finn ein hekke- og oppvekstområde for storfugl og hekke og næringsøksområde for kvitryggspett. Skogen sin alder gjer at det finst ein del død ved her, men frekvensen av død ved er truleg ikkje spesielt høg samanlikna med mange andre furuskogsområde i kommunen.

### 18. Lia aust for Austrevatnet

Lia langs austsida av Austrevatnet. Det meste av lokaliteten ligg i Vaksdal kommune. Lia er dominert av furuskog med spreidde innslag av lauvtre. Delar av skogen er relativt gammal og enkelte stader, litt nede i lia, ganske storvaksen.

Området blir rekna som eit viktig leveområde for storfugl. Både gråspett og kvitryggspett nyttar jamleg området for næringsøk, men hekking er ikkje stadfesta. Hønehauk hekka i området midt på 1980-talet, men denne reirplassen er ikkje lenger i bruk.

### 19. Kleiveland

Område med tildels gammal furuskog langs Tyssevassdraget. Hekkeområde for kvitryggspett og storfugl. Området er relativt urørt og har mykje av dei same kvalitetane som område 5 og 17.

### Indre Osterfjord og Heimvikvågen

Eit område som ikkje er oppført som prioritert viltområde, men som likevel er verd å nemne er indre del av Osterfjorden, Romarheimsfjorden og fjordområdet innover mot Grøssvik og Gammersvik. Dette er eit myteområde for ærfugl. På det meste har det vore talt rundt 600 individ i heile området, men dei siste åra har talet vore omlag 300 (Stein Byrkjeland pers. medd.). Fuglane ligg spreidd over eit nokså stort område i flokkar på 10 til 100. Det har ofte vore størst konsentrasjonar ved Heimvikvågen. Frå midten av sommaren og utover samlar ærfuglhannane seg i såkalla myteflokkar. Fuglane misser flygeevna for ei periode, og er difor spesielt sårbare på denne tida. Store myteflokkar er kjende andre stader langs Hordalandskysten, men er ikkje kjent frå andre fjordar i fylket.

Ved planlegging av eventuelle blåskjelanlegg er det viktig å vere klar over denne førekomsten av mytande ærfugl, som har blåskjel som ei av hovudrettane sine.

### VIKTIGE TREKKVEGAR FOR HJORT

Ved forflytningar brukar hjorten meir eller mindre faste ruter, der det etter kvart dannar seg tydelige stiar. Slike stiar finn ein svært mange av på Osterøy, og det har ikkje vore noko mål å få ei full oversikt over alle desse. Ein har konsentrert seg om å kartfeste dei viktigaste sesongmessige trekkrutene som går over større distansar, i tillegg til viktige kryssingspunkt (der hjortetrekke kryssar veg, dalføre eller fjordar). Hjorten er nok fleksibel i forhold til inngrep i og ved trekkvegane. I enkelte område kan det likevel vere viktig å ta omsyn, t.d. der det finst få alternativ dersom trekkvegane blir sperra.

I snørike vintrar trekkjer dei fleste dyra mot fjordane. Hovudsakeleg til liene mot Sørfjorden og Osterfjorden. Ein del dyr tekkjer heilt nord til området ved Heimvik-Grøssvik. Dette området er òg vinteropphaldplass for hjort frå Vaksdal og Modalen.

I det følgjande blir trekkruiter vi har fått oppgitt som viktige lista opp. Nummeret tilsvarar nummeringa på hjorteviltkartet (Kart 2). Truleg går det fleire trekk over fjorden mellom Osterøy og Lindås, men vi har berre registrert ein stad der hjorten kjem i land her.

1. Trekk fra Vassli til Ellvika (Vaksdal)
2. Opp lia frå øvre Mjelda til Haverdalen
3. Kryssing av Røskelandsdalen
4. Kryssing av Osterfjorden frå Steinaneset
5. Frå Askelandsdalen over Valestrandsfossen mot Iseggene og Horsåsfjellet
6. Kryssing av Vevleelva ved Mele
7. Frå Njåstad mot Vindegga og vidare over til Skaftådalen og liene ned mot Sørfjorden.
8. Kryssing av Bruvikdalen
9. Frå Fitje mot Hanstveit
10. Herlandsnesjane - Hakanes - Pyttaneset
11. Rongveneset - Hakanes (Kryssing av Symjinga)
12. Kryssing av Loneelva ovanfor Kårvika
13. Kryssing ved Løtveit
14. Heggebotn - Blomdalen - Hesjedalen og ned mot fjorden
15. Skarenipa over Høgnuten mot Hesjedalen
16. Langs Tyssedalen over Kupene mot Stange
17. Kryssing av Sørfjorden ved Kvisti
18. Låstad mot Fitje
19. Stokkhella - Grønfjellet - Brøknipa
20. Njåstad mot Bruvikdalen og til liene under Brøknipa
21. Tysse mot Toskedalen
22. Langs lia aust for Austrevatnet (Gråberget - Børslifjellet) mot Tyssedalen
23. Kryssing av Austrevatnet ved Hakanes

## 6. TRUGA OG SÅRBARE ARTAR I OSTERØY

### RAUDLISTER

For å oppnå større fokus på artar som er sjeldne, truga eller i tilbakegang, er det utarbeidd spesielle oversikter over slike artar med ei vurdering av dagens status (bestand og bestandsutvikling). Det er dette som blir kalla raudlister. IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis og mange land har gitt ut nasjonale raudlister. Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Direktoratet for Naturforvaltning. Dei siste åra har også enkelte Fylkesmenn utgitt fylkesvise (regionale) raudlister. Meininga med regionale raudlister er å rette fokus på regional bestandssituasjon og dermed sikre at tiltak blir gjennomført for å sikre levedyktige bestandar også på lokalt og regionalt plan. Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller den aktuelle kommunen eit særskilt forvaltingsansvar. Ei raudliste kan òg innehalde artar som er i framgang, men som i nær fortid har hatt sterkt reduserte bestandar (t.d. havørn).

Raudlistene må reviderast etterkvart som kunnskapen om artane aukar. Bestandssituasjonen for enkelte artar kan òg endre seg relativt raskt. Nasjonale raudlister blir gjerne reviderte kvart femte år. Raudlista denne rapporten byggjer på er *Nasjonale raudliste for truete artar i Norge 1998* (DN 1999). Det er òg utarbeidd ei regional raudliste for Hordaland: *Handlingsplan for truete og sårbare villarter i Hordaland* (Danielsen 1996). Dei ulike kategoriane ein finn i den siste utgåva av den nasjonale raudlista er definerte under.

#### **Utrydda - Ex (Extinct)**

Artar som har forsvunne som reproduserande i landet. Omfattar vanlegvis artar som ikkje har vore påvist dei siste 50 åra.

#### **Direkte trua - E (Endangered)**

Artar som står i fare for forsvinne i nær framtid dersom dei negative faktorane held fram.

#### **Sårbar - V (Vulnerable)**

Artar med sterk tilbakegang, som kan gå over i gruppa direkte trua dersom dei negative faktorane held fram.

#### **Sjeldan - R (Rare)**

Artar som ikkje er direkte trua eller sårbare, men som likevel er i ein utsett situasjon, fordi dei er knytt til eit avgrensa geografisk område eller ein liten bestand med spreidd og sparsam utbreiing.

#### **Omsynskrevjande - DC (Declining, care demanding)**

Artar som ikkje tilhøyrer føregåande kategoriar, men som grunna tilbakegang krev spesielle omsyn og tiltak.

#### **Bør overvakast - DM (Declining, monitor species)**

Artar som har gått tilbake, men som ikkje vert rekna som trua. For desse er det grunn til å halde eit auge med bestandssituasjonen.

Ei raudliste inneheld òg ei oversikt over såkalla *ansvarsartar*. Dette gjeld artar som det aktuelle landet har eit spesielt forvaltningsansvar for, fordi store delar av bestanden på gitte tidspunkt oppheld seg i landet. Ansvarsartar treng ikkje vere sjeldne eller truga. Døme på norske ansvarsartar som er vanlege er fjellrype og berg-irisk.

### VIKTIGE TRUGSMÅL MOT VILTET

Mange plante- og dyreartar er naturleg sjeldne, men mange er i tilbakegang som følgje av menneskeleg aktivitet. Her er lista opp nokre viktige trugsmål mot biologisk mangfald:

*Handel med ville dyr* er den tredje største illegale marknaden på verdsbasis. Særleg i tropiske strøk kan samling vere eit problem for allereie fåtalige artar. Ville artar i Noreg som kan vere attraktive i denne samanheng er m.a. jaktfalken. Men her i landet er nok problemet først og fremst aktuelt i samband med ulovleg import av viltartar som kjæledyr.

*Intensiv jakt eller forfølging* har ført til at enkelte dyreartar har blitt utrydda eller gått kraftig tilbake. Døme frå vårt land er fjellrev og dei store rovdyra gaupe, ulv, bjørn og jerv.

*Miljøgifter* utgjør eit alvorleg trugsmål mot enkelte artar. Rovdyr er spesielt utsette, fordi giftstoffa blir meir konsentrerte for kvart ledd i næringskjeda. Vandrefalken er eit klassisk døme på dette: Bruk av DDT i landbruket førte til at vandrefalken fekk problem med reproduksjonen (eggskalfortynning), og bestanden vart kraftig redusert. Etter at bruken av DDT vart forbode har bestanden tatt seg opp att og er framleis i vekst.

*Innføring av framande artar*. På mange av Stillehavsoyane står mange bakkerugande fuglearter i ferd med å forsvinne som ei følgje av introduksjon av katt og rotter. I vårt land er minken eit døme på introduksjon av ein art som har fått uheldige følgjer. Mange sjøfuglkoloniar på øyar nær fastlandet lid periodevis store tap grunna minken sin predasjon på egg og ungar.

*Øydelegging av naturtypar og leveområde*. Det hjelper lite å verne artar dersom ein samtidig ikkje vernar områda artane er avhengige av. Her i landet er problemstillinga først og fremst aktuell i samband med reduksjon i arealet av våtmark og gammalskog og bortfall av enkelte kulturlandskapstypar som følgje av endra driftsformer i landbruket.

Innføring av framande artar og øydelegging av leveområde blir rekna som dei største trugsmåla mot biologisk mangfald.

**Tabell 1.** Raudlista viltartar og norske ansvarsartar i Osterøy.

Status i Noreg	Art	Førekomst i Osterøy	Moglege trugsmål lokalt
Direkte trua (E)	Åkerrikse	Yngla sannsynleg regelmessig for 30 år sidan.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Omleggingar i landbruket til maskinell drift og tidleg slått</li> </ul>
Sårbar (V)	Hønsehauk	Fåtalog hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Reduksjon i areal gammalskog</li> <li>• Forstyrning på hekkeplass</li> <li>• Faunakriminalitet</li> <li>• Forstyrning på hekkeplass</li> <li>• Faunakriminalitet</li> <li>• Drukning i fiskegarn</li> <li>• Kraftliner</li> <li>• Bortfall av beitemark og skogsbeite?</li> <li>• Reduksjon i areal av gammalskog</li> <li>• Mangel på ståande, død ved</li> </ul>
	Jaktfalk	Fåtalog hekkefugl	
	Vandrefalk	Fåtalog hekkefugl	
	Lomvi	Fåtalog gjest i vinterhalvåret	
	Hubro	Fåtalog hekkefugl	
	Vendehals	Fåtalog hekkefugl	
	Kvitryggspett	Fåtalog hekkefugl	
Sjeldan (R)	Songsvane	Årvis vintergjest	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kraftlinjer</li> <li>• -</li> <li>• Forstyrning på hekkeplass</li> <li>• Faunakriminalitet</li> <li>• Bortfall av grunne vatn, bekkelukking</li> </ul>
	Lappfiskand	Sjeldan trekkgjest	
	Kongeørn	Streif, næringsøk	
	Vannrikse	Fåtalog trekk- og vintergjest	
Omsynskrevjande (DC)	Smålom	Fåtalog hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forstyrning på hekkeplass</li> <li>• Vassdragsregulering</li> <li>• Drukning i fiskegarn</li> <li>• Forstyrning på hekkeplass</li> <li>• Vassdragsregulering</li> <li>• Drukning i fiskegarn</li> <li>• Reduksjon i areal av gamalskog</li> <li>• Forstyrning på hekkeplass</li> <li>• Reduksjon i areal av eldre lauv- og blandingsskog</li> <li>• Mangel på død ved</li> <li>• Reduksjon i areal av eldre lauv- og blandingsskog</li> <li>• Mangel på død ved</li> </ul>
	Storlom	Sjeldan trekkgjest	
	Havørn	Streif	
	Gråspett	Fåtalog hekkefugl	
	Dvergspett	Fåtalog hekkefugl	
Bør overvakast (DM)	Bergand	Fåtalog vintergjest	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Drukning i fiskegarn</li> <li>• Drukning i fiskegarn</li> <li>• Drukning i fiskegarn</li> <li>-</li> <li>• Påkjørslar</li> <li>• Ukjent</li> <li>• Ukjent</li> <li>• Ukjent</li> <li>• Drukning i fiskegarn/ruser</li> <li>• Påkøyrslar</li> <li>-</li> </ul>
	Havelle	Fåtalog vintergjest	
	Sjørørre	Fåtalog vintergjest	
	Trane	Sjeldan trekkgjest	
	Piggsvin	Fåtalog	
	Skjeggflaggermus	Fåtalog	
	Skimmelflaggermus	Sjeldan	
	Dvergflaggermus	Truleg relativt vanleg	
	Oter	Streifdyr	
	Gaupe	Mogleg streifdyr	
Ansv. hekkebestand	Havørn	Fåtalog streiffugl (har hekka)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forstyrning på hekkeplass</li> <li>• Faunakriminalitet</li> <li>• Faunakriminalitet</li> <li>• Høgt jakttrykk</li> <li>• Kraftlinjer i fjellet</li> <li>-</li> <li>-</li> <li>-</li> <li>-</li> </ul>
	Jaktfalk	Fåtalog streiffugl	
	Fjellrype	Ganske vanleg hekkefugl i fjellet	
	Raudstilk	Mogleg fåtalog hekkefugl	
	Skjerpiperke	Fåtalog vintergjest	
Ansv. vinterbestand	Svartbak	Streif vinter, fåtalog	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Drukning i fiskegarn</li> <li>-</li> <li>-</li> </ul>
	Bergirisk	Fåtalog hekkefugl, streif vinter	
	Storskarv	Fåtalog vintergjest (og sommar)	
	Siland	Fåtalog hekkefugl	
	Fjøreplytt	Fåtalog hekkefugl	
Ansv. heile året	Oter	Streif	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Drukning i fiskegarn og ruser</li> <li>-</li> </ul>
	Lemen	Vanleg i fjellet	

## 7. STATUS FOR VILTET I OSTERØY

Det er observert 183 viltartar i Osterøy, 2 amfibium, 1 krypdyr, 156 fugleartar og 24 pattedyrartar. Ei fullstendig artsliste er gitt i Vedlegg I. For mange av artane er kunnskapen mangelfull, særleg gjeld dette småpattedyra, der fleire artar er dårleg dokumentert.

### AMFIBIUM

#### **Frosk** *Rana temporaria*

Relativt vanleg over heile kommunen.



I motsetning til padda legg frosken egg sine i tjukke klasar som ofte ligg heilt i vassoverflata. Padda sine egg blir lagt i strengar og er ofte mindre iaugnefallande. Foto: Sveinung Klyve.

#### **Padde** *Bufo bufo*

Er mellom anna registrert på Herlandsnesjane (Byrkjeland 1999), men utbreiing og førekomst i resten av kommunen er usikker. Mindre utbreidd enn frosk, men stadvis meir talrik.

### KRYPDYR

#### **Hoggorm** *Vipera berus*

Stadvis vanleg art, og truleg utbreidd over det meste av kommunen.

### FUGLAR

Av dei 156 registrerte fugleartane på Osterøy kan omlag 90 reknast som hekkefuglar (Vedlegg I). Talet på observerte artar er vesentleg lågare enn enkelte kystkommunar der fleire artar passerer og rastar under trekket.

#### **Kvalitetssikring av fugleobservasjonar**

Å artsbestemme fuglar i felt kan ofte vere svært vanskeleg, sjølv for erfarne ornitologar. Enkelte artar er svært like av utsjånad, og faktorar som lysforhold, observasjonsavstand og observasjonstid gjer artsbestemminga ofte svært vanskeleg. For å kvalitetssikre fugleobservasjonar

har Norsk Ornitologisk Forening, NOF, oppretta ekspertutval som vurderer innrapporterte observasjonar. Det regionale/fylkesvise organet for kvalitetssikring heiter **LRSK** (Lokal rapporterings- og sjeldenhetskomite), og det finst ein slik komité i kvart fylke. Enkelte artsfunn må imidlertid godkjennast av ein nasjonal komité **NSKF** (Norsk Sjeldenhetskomité for fugl). Det er utarbeidd lister over kva artar som krev godkjenning av desse komiteane. Artsfunn blir publiserte i årlege rapportar i lokaltidsskriftet for NOF Hordaland, *Krompen*, av LRSK og i NOF sitt nasjonale tidsskrift, *Ornis Norvegica*, av NSKF. Desse publikasjonane inneheld òg observasjonsdato, observasjonsstad og namn på observatør.

Denne viltrapporten følgjer NOF sin praksis på dette feltet. Blant artar som krev godkjenning er difor berre artar med funn godkjent av LRSK eller NSKF omtala og rekna som offisielle. For desse blir det referert til aktuelle publikasjonar frå sjeldanhetiskomiteane. For enkelte uvanlege eller spesielle observasjonar som ikkje krev godkjenning, er det referert til andre skriftlege kjelder eller til observatør. Talet på observasjonsdatoar for den enkelte art er ikkje nødvendigvis komplett, men er meint å vere konkrete døme på når arten er observert.


Meir stoff om LRSK sitt arbeid finn du på NOF-Hordaland sine nettsider. Her er det m.a. lagt ut oppdaterte lister over artar som må godkjennast og rapporteringsskjema for nedlasting: <http://cyberbirding.uib.no/nof/lrsk/>.

### LOMMAR

#### **Smålom** *Gavia stellata*

**Omsynskrevjande (DC)**

Fåtalig hekkefugl (ca. 3 par) i høgareliggande område, sentralt og nord på øya (Osterøy/Vaksdal). Blir observert årleg på næringsøk i Storavatnet og nesten årleg i Borgavatnet i trekkida om våren.



Etter at ungane er flygedyktige, tek foreldra dei ofte med seg til større vatn. Smålomen har aldri meir enn to ungar. Foto: Sveinung Klyve.

**Storlom** *Gavia arctica* **Omsynskrevjande (DC)**  
Skal vere observert eit fåtal gonger, men hekking er ikkje kjent.

## STORMFUGLAR

**Stormsvale** *Oceanodroma leucorhoa*  
Totalt to observasjonar. Eit individ avliva på Hartveit i 1956 (Zoologisk Museum Bergen) og eit utmatta individ fanga ved eit oppdrettsanlegg ved Bruvik i oktober 1997 (TBR). Stormsvala er ein såkalla pelagisk art som normalt berre kjem til land i hekketida, og er då nattaktiv. Påtreffast svært sjeldan "innaskjærs", men stundom etter kraftig pålandsvind.

## SKARVAR

**Storskarv** *Phalacrocorax carbo* **Ansv. vinterbestand**  
Opptrer fåtalig og regelmessig i fjorden i vinterhalvåret. Arten er ikkje påvist hekkande i Hordaland, men særleg ungfuglar kan også oversomre fåtalig. Ein bergvegg ved fjorden innanfor Tysse blir nytta som sitjeplass både vinter og sommar (bergveggen har kvite felt av kalkutfellingar og ekskrement). Storskarven hekkar i hovudsak frå kysten av Trøndelag og nordover, men er ganske vanleg langs heile Vestlandskysten utanfor hekketida.

## STORKEFUGLAR

**Gråhegre** *Ardea cinerea*  
Fåtalig hekkefugl. Ein kjenner berre *ein* hekkkoloni på Osterøy: Yksnaberget ved Valestrandsfossen. Gråhegra kan elles påtreffast heile året, men det skjer truleg ei viss utveksling av individ frå andre område gjennom vinteren.

## ANDEFUGLAR

**Songsvane** *Cygnus cygnus* **Sjeldan (R)**  
Regulær gjest i grunne innsjøar i vinterhalvåret. Dei mest brukte stadane på Osterøy er Låstadvatnet, Borgavatnet og Eltervatnet.

**Kortnebbgås** *Anser brachyrhynchus*  
Svært sjeldan trekkgjest. Eit individ vart observert ved Borgavatnet 26/12-1984 (Osaland 1985).

**Grågås** *Anser anser*  
Trekk over Osterøy observerast årleg. Landar sjeldan, men mindre flokkar rastar år om anna m.a. ved Borgavatnet.

**Kanadagås** *Branta canadensis*  
Kanadagåsa vart innført til Noreg og sett ut med tanke på jakt. Arten har no etablert seg som hekkefugl fleire stader i landet. Så langt føreligg det ikkje hekkefunn frå Osterøy, men arten opptrer regelmessig om vinteren. Dei siste åra har ein flokk på 20-30 individ opphalde seg mykje i Hellandsvatnet og tjørnet i Fotlandsvåg.

**Kvitkingås** *Branta leucopsis*  
Svært sjeldan gjest i samband med trekket. To individ vart observert ved Bruvik 25/6-1996 (TBR).

**Brunnakke** *Anas penelope*  
Sjeldan gjest. Eit individ vart observert i Holavatnet 31/10-1981 og eit par i Borgavatnet 14/11-1993 (TBR). Arten hekkar fåtalig i Hordaland og blir også observert fåtalig vinterstid.

**Krikkand** *Anas crecca*  
Hekkar fåtalig ved fleire vatn i kommunen.

**Stokkand** *Anas platyrhynchos*  
Hekkar ved fleire vatn i kommunen. Opptrer også vanleg både i ferskvatn og på sjøen utanom hekkesesongen.

**Taffeland** *Aythya ferina*  
Svært sjeldan gjest. Eit individ vart observert ved Valestrandsfossen 1/1-1979 (Håland 1979).

**Toppand** *Aythya fuligula*  
Overvintrar årleg både i sjøen og i fleire vatn i kommunen. Flokkar med nokre få til ein titals individ er vanleg, men kan opptre talrikt i Lonevågen og Osterfjorden (fleire hundre individ).

**Bergand** *Aythya marila* **Bør overvakast (DM)**  
Overvintrar årleg fåtalig i Osterfjorden, helst på Lindåssida, men m.a. 10 ind. i Fotlandsvågen 10/3-1982.



I isfrie periodar er songsvanen ein ganske vanleg vintergjest på Osterøy. Dei mest brukte lokalitetane er Borgavatnet, Eltervatnet og Låstadvatnet. Foto: Tore Wiers.

**Ærfugl** *Somateria mollissima*

Overvintrar nokså talrikt i større og mindre flokkar i Osterfjorden. Er òg observert fåtalig andre stader i fjordsystemet rundt Osterøy. Område som utmerkar seg som vinterområde er m.a. Hjelvikvågen, Raknesvågen, ytre delar av Lonevågen, Hoshovdknappen og ytre del av Fotlandsvågen. Osterfjorden/Romarheimsfjorden har òg funksjon som myteområde. Her samlar ein del hannar seg for fjørfelling i mindre, spreidde flokkar på ettersommaren (alle handsvingfjørene blir skifta ut samtidig, og fuglane er misser flygeevna for ei periode). Heimvikområdet har tidlegare vore ein av dei viktigaste plassane, men området ser ut til å ha hatt minkande betydning dei siste åra. Talet har vore oppe i rundt 600 individ i heile fjordområdet, men dei siste åra har omlag 300 fugl hatt tilhald her. Tilsvarande myteområde så langt inne i fjorden er ikkje kjent i Hordaland.



Dei indre delane av Osterfjorden er myteområde for ærfugl på ettersommaren. Rundt 300 hannar ligg spreidd i flokkar frå 10 til 100 individ. Foto: Ingvar Grastveit.

**Havelle** *Clangula hyemalis* **Bør overvakast (DM)**

Overvintrar fåtalig i mindre flokkar i Osterfjorden og sjåast m.a. regelmessig i Fotlandsvågen.

**Sjørre** *Melanitta fusca* **Bør overvakast (DM)**

Overvintrar fåtalig i Osterfjorden. M.a. vart 23 individ observert ved Hosanger 5/12-1999 (Falkenberg 2000).

**Kvinand** *Bucephala clangula*

Overvintrar i stort tal i Osterfjorden. Ein stor flokk har halde til utanfor eit smoltanlegg ved Bjørsvik, Lindås. Heile 1330 individ vart talde her 22/2-1999 (Byrkjeland 2000). På Osterøy sjåast kvinanda regelmessig både i Lonevågen, Hosangervågen og Fotlandsvågen, og enkeltfuglar og småflokkar blir ofte observert i ferskvatn rundt om i kommunen.

**Siland** *Mergus serrator* **Ansvarsart vinterbestand**

Truleg fåtalig hekkefugl m.a. ved Storavatnet (Byrkjeland 1999). Opptreer også fåtalig i fjorden vinterstid.

**Laksand** *Mergus merganser*

Regelmessig, men fåtalig gjest i ferskvatn i vinterhalvåret.

**Lappfiskand** *Mergus albellus* **Sjeldan (R)**

Svært sjeldan vintergjest. Tre observasjonar føreligg (TBR): Ein hann i Borgavatnet 14/11-1993, eit hofarga individ ved Hosanger 5/12-1995 og ein hann i Borgavatnet 5/4-1996.

## ROVFUGLAR

**Havørn** *Haliaeetus albicilla* **Omsynskrevjande (DC)**  
**Ansvarsart hekkebestand**

Blir observert fåtalig heile året, men det føreligg ikkje hekkefunn i Osterøy. Havørna er ein kyst- og fjordfugl som opptreer mest talrik i øyrike område og ytre fjordstrok. Vel helst kuperte kystskogsområde og fjordlier som hekkeområde, helst gammal furuskog. Arten er svært sårbar for forstyrring i hekketida. Trugsmål mot havørna er menneskeleg aktivitet i hekkeområdet, miljøgifter og hogst av gammal furuskog. Bestanden har sidan fredinga i 1968 vakse kraftig, og i Hordaland er bestanden pr. 2004 anslått til minst 70 par.

**Hønehauk** *Accipiter gentilis* **Sårbar (V)**

Fåtalig hekkefugl. To hekkelokalitetar er kjende og det hekkar neppe meir enn tre-fire par i kommunen. Hønehauken er tradisjonelt ein typisk gammalskogsart som hekkar i stovaksen furuskog. Arten er difor utsett i forhold til det moderne bestandsskogbruket med flatehogst og treslagsskifte. Negativ bestandsutvikling på landsbasis, men truleg stabil i Hordaland.

**Sporvehauk** *Accipiter nisus*

Fåtalig hekkefugl. Føretrekkjer relativt tett skog, gjerne plantefelt av gran i hogstklasse III-IV. Blir regelmessig observert nær busetnad vinterstid.

**Fjellvåk** *Buteo lagopus*

Fåtalig men truleg regelmessig hekkefugl i fjellet. Smågnagarspesialist som ofte står over hekkinga i dårlege smågnagarår.

**Kongeørn** *Aquila chrysaetos* **Sjeldan (R)**

Blir relativt regelmessig observert i indre og høgareliggande delar av kommunen. Eit par hekkar på Osterøy, men dei kjende reira ligg i Vaksdal kommune.

**Tårnfalk** *Falco tinnunculus*

Truleg fåtalig hekkefugl i gode smågnagarår. Hos oss er arten først og fremst knytt til bjørkebeltet og opne område i fjellet, men kan hekke langt ut mot kysten.



**Dvergfalk** *Falco columbarius*

Det finst få observasjonar av denne arten på Osterøy, men det kan likevel ikkje utelukkast at arten hekkar. Arten er knytt til bjørkebeltet og opne område i fjellet, men kan hekke nokså kystnært.

**Jaktfalk** *Falco rusticolus***Sårbar (V)****Ansvarsart hekkebestand**

Blir av og til observert i dei indre, høgareliggende områda i kommunen, men det føreligg ingen indikasjonar på hekking.

**Vandrefalk** *Falco peregrinus***Sårbar (V)**

Ein kjenner *ein* hekkeplass i kommunen. Vandrefalken var nær utrydding i byrjinga av 1970-åra på grunn av plantevernmiddelet DDT. Etter at middelet vart forbode har bestanden tatt seg opp att og aukar framleis. Pr. 2000 var det konstatert hekking på sju lokalitetar i Hordaland.

**HØNSEFUGLAR****Lirype** *Lagopus lagopus*

Fåtalog hekkefugl i bjørke- og vierregionen i dei indre delane av kommunen.

**Fjellrype** *Lagopus mutus***Ansvarsart hekkebestand**

Fåtalog hekkefugl i fjellområda i dei indre delane av kommunen.

**Orrfugl** *Tetrao tetrix*

Relativt vanleg hekkefugl i høgareliggende område rundt tregrensa. Var tidlegare meir utbreidd, men bestanden har gått tilbake, i alle fall i delar av kommunen, truleg først og fremst grunna naturleg attgroing etter opphøyr av lyngheidrift og beite. Området rundt Erstadfjellet/Hannisdalen er eit område som lokalt er kjent for å ha ein god orrfuglbestand.



Storfuglen er knytt til større, samanhengande område med gammal furuskog. Fem-seks leikar er kjende i Osterøy kommune, alle i den nordlege delen av kommunen. Foto: Sveinung Klyve.

**Storfugl** *Tetrao urogallus*

Fåtalog hekkefugl knytt til område med større, samanhengande område med gammal furuskog som ein finn mest av i den nordlege delen av kommunen. Ein kjenner til fem-seks tiurleikar i kommunen, i tillegg er det kjent fire leikar i Vaksdal sin del av Osterøy.

**TRANEFUGLAR****Vannrikse** *Rallus aquaticus***Sjeldan (R)**

Truleg fåtalog og regelmessig vintergjest, men blir sjeldan sett. Sist observert ved Kringastemma, Valestrandsfossen 20/1-2001 (OOV, TBR).

**Åkerrikse** *Crex crex***Direkte truga (E)**

Var tidlegare ein relativt vanleg hekkefugl i slåtteenger. Etter mekaniseringa av landbruket har arten forsvunne som hekkefugl dei fleste stader og hekkar no berre sporadisk i Noreg.

I 2002 vart det høyrte åkerrikse fleire stader i Hordaland. Eit individ skal òg ha blitt høyrte på Osterøy dette året, men funnet er ikkje innrapportert.

**Sivhøne** *Gallinula chloropus*

Nokre få observasjonar frå vinterhalvåret, m.a. ved Bullaholmen, Valestrandsfossen 20/1-2001 (OOV, TBR).

Det føreligg eit over hundre år gammalt hekkefunn frå Valestrand i 1890 (Collett 1894).

**Sothøne** *Fulica atra*

Berre to observasjonar føreligg: Eit individ ved Valestrandsfossen 3/2-1971 og eit individ i Mjeldavatnet 25-27/12-2002 (Falkenberg 2003).

**Trane** *Grus grus***Bør overvakast (DM)**

Svært sjeldan trekkgjest. Eit individ vart observert på ei myr ved Fotlandsvåg sept. 1997 og eit individ på Vare ved Herlandsnesjane 28/4-2001 (Falkenberg 2002).

**VADEFUGLAR****Tjeld** *Haematopus ostralgeus*

Hekkar spreidd og fåtalog ved fjorden.

**Sandlo** *Charadrius hiaticula*

Sjeldan trekkgjest. Eit individ observert ved Knappen, Hosanger 18/3-1990.

**Heilo** *Pluvialis apricaria*

Fåtalog hekkefugl ovanfor tregrensa. Det skal m.a. vere ein ganske god bestand i området mellom Rispingen og Olsnessåta. Elles sjåast småflokkar flokkar regelmessig på innmark i trekketidene.

**Vipe** *Vanellus vanellus*

Fåtalig hekkefugl på myrområde og innmark. Bestanden har gått relativt kraftig tilbake som ein følgje av omleggingar i jordbruket.

**Fjøreplytt** *Calidris maritima* **Ansv. vinterbestand**

Hekka sannsynleg på Veafjellet i 1994 (TBR), men lokaliteten er ikkje kontrollert etter dette. Overvintrar langs kysten.

**Kvartbekkasin** *Lymnocyptes minimus*

Fåtalig trekk- og vintergjest. Opptrer enkeltvis i våtmarksområde og langs elvar og bekkar.

**Enkeltbekkasin** *Gallinago gallinago*

Utbreidd, men relativt fåtalig hekkefugl knytt til våtmark og fuktig kulturmark.

**Rugde** *Scolopax rusticola*

Relativt fåtalig hekkefugl som helst er knytt til fuktig lauvskog på moldjord. Ein del individ (truleg dei fleste) trekkjer sørover til kontinentet vinterstid, men ein del individ kan overvintrare i kyststroka i milde vintrar.

**Storspove** *Numenius arquata*

Fåtalig hekkefugl. Knytt til opne område som lyngheiar, myrar, beitemark, og dyrka mark. I 1997 vart det funne reir på Mæle, Audestad, Skjerping og Vedå (TBR). Bestandsutviklinga på landsbasis er negativ, truleg som ein følgje av endring av arealbruken i landbruket.

**Raudstilk** *Tringa totanus* **Ansv. art hekkebestand**

Fåtalig hekkefugl i tilknytning til våtmark og fuktig kulturmark.

**Skogsnipe** *Tringa ochropus*

Indikasjonar på hekking dei siste åra. Registrert på Herlandsnesjane i hekketida både i 1998 og 1999 (Byrkjeland 1999). Også observert sterkt varslande ved Nordmyking 11/6-2001. Austleg art, men har dei siste åra blitt observert med hekkeåtfærd fleire stader i Hordaland.

**Grønstilk** *Tringa glareola*

Registrert på Herlandsnesjane i hekketida både i 1998 og 1999 (Byrkjeland 1999). Arten er funne hekkande i Hordaland, men har som skogsnipa normalt ei meir austleg utbreiing.

**Strandsnipe** *Actitis hypoleucos*

Vanleg hekkefugl ved vatn og vassdrag.

**JOAR, MÅSAR OG TERNER****Tjuvjo** *Stercorarius parasiticus*

Eit individ observert ved Fjellskålnes 12/8-1989 (Anon. 1990).

**Hettemåse** *Larus ridibundus*

Blir observert sporadisk i vinterhalvåret.

**Fiskemåse** *Larus canus*

Nokså talrik art som hekkar spreidd både langs kysten og ved ferskvatn. Den viktigaste hekkolonien for fiskemåse i Osterøy er Bruvikholmen.



Bruvikholmen er den viktigaste hekkolonien for fiskemåse i Osterøy. Bestanden varierer litt frå år til år, men ligg i underkant av 40 par. Foto: Tore Wiers.

**Sildemåse** *Larus fuscus*

Blir observert relativt vanleg sommarstid, men hekkar neppe i kommunen (evt. på Votloholmen). Sildemåsen er trekkfugl og overvintrar langs kysten av Sørvest-Europa og Nordvest-Afrika. Returnerer vanlegvis ikkje før dei er tre år gamle.

**Gråmåse** *Larus argentatus*

Blir observert relativt vanleg gjennom heile året. Hekking på Votloholmen er sannsynleg, men ikkje påvist.

**Svartbak** *Larus marinus* **Ansv. art hekkebestand**

Blir observert relativt fåtalig, gjennom heile året. Hekking er ikkje påvist.

**Makrellterne** *Sterna hirundo***Raudnebbterne** *Sterna paradisaea*

Berre makrellterne er påvist hekkande i Osterøy kommune. Artane hekkar ofte i blanda koloniar. Mengdeforholdet artane imellom varierer og kan ofte vere vanskeleg å avgjere utan grundige observasjonar.

**ALKEFUGLAR****Lomvi** *Uria aalge***Sårbar (V)**

Sporadiske observasjonar av enkeltindivid på fjorden, særlig i vinterhalvåret. M.a. tre individ ved Fjellskålnes 4/11-1989 (Anon. 1990).

**Alke** *Alca torda*

Sporadiske observasjonar av enkeltindivid på fjorden, særlig i vinterhalvåret. Observert ved

Knappen, Hosanger 1/12-1988 (Osaland 1989) og 4/11-1989 (Anon. 1990).

#### **Alkekonge** *Alce alle*

Sporadiske observasjonar av enkeltindivid på fjorden i vinterhalvåret. Observert ved Knappen, Hosanger 22/11-1996.

### SANDHØNS

#### **Steppehøne** *Syrhaptus paradoxus*

Eit individ frå Valestrand mai 1888 ligg i samlingane ved Zoologisk museum, Bergen (ZMB). Arten hekkar på steppe og tørre, vegetasjonsfattige område i eit belte frå Kazakhstan til Nordaust-Kina. Funnet frå Osterøy vart gjort i samband med store invasjonar i Noreg og resten av Europa dette året.

### DUER

#### **Bydue** *Columba livia domestica*

Berre nokre spreidde observasjonar. Dette kan dreie seg om rømte tamduer eller "slengarar" frå byduepopulasjonen i Bergen.

#### **Ringdue** *Columba palumbus*

Truleg fåtalig hekkefugl. Hekkar gjerne i granplantefelt. Sjøast ofte på næringsøk i kulturlandskapet.

#### **Tyrkardue** *Streptopelia decaocto*

Truleg fåtalig hekkefugl, men få observasjonar dei seinare åra.

#### **Turteldue** *Streptopelia turtur*

Observert på Bruvik juni 1886 (Haftorn 1971).

#### **Mongolturteldue** *Streptopelia orientalis*

Eit individ vart skote på Valestrandsfossen 13/11-1903 (ZMB). Dette var første funn av denne arten i Noreg.

### GAUKAR

#### **Gauk** *Cuculus canorus*

Fåtalig hekkefugl over det meste av kommunen. Heippiplerka er ein av dei mest nytta vert-sartane.

### UGLER

#### **Hubro** *Bubo bubo*

**Sårbar (V)**

Var inntil for eit par-tre tiår sidan fåtalig men regelmessig hekkefugl. Minst fire gamle hekke-lokalitetar er kjende i kommunen. Status for desse i dag er ukjent, men dei fleste står truleg

tomme. Bestanden gjekk i siste halvdel av 1900-talet sterkt tilbake over heile landet. I innlandet hekkar hubroen oftast i skogsterreng under tregrensa, gjerne i nærleiken av kulturlandskap. I kyststrok kan den hekke i heilt tre-lause område, men typiske tilhaldsstader har kupert terreng med bratte lier og bergveggar. Bestanden i Hordaland er anslått til 50-100 par (Danielsen 1996). Hubroen er svært utsett for elektrokusjon og kollisjon med høgspenlinjer. Bortfall av viktige jaktbiotopar som halvopne skogar, prega av plukkhogst og beite, kan òg ha vore med på å forsterke bestandsnedgangen.



Det er mange år sidan det sist vart påvist hekking av hubro på Osterøy. Høgspenlinjer er eit stort problem for hubroen og kanskje har endringar i landbruket òg hatt ein viss negativ effekt på bestanden. Foto: Sveinung Klyve.

#### **Haukugle** *Surnia ulula*

Såkalla invasjonsart som enkelte år kan opptre i relativt stort tal i Noreg. Slike invasjonar skjer etter gode hekkeår austpå (Russland) og etterfølgjande samanbrot i smånagarbestanden. Er observert fleire gonger på Osterøy haust og vinter i samband med slike invasjonar.

#### **Kattugle** *Strix aluco*

Fåtalig hekkefugl, men vanlegaste ugle på Osterøy. Hekkar gjerne i tilknytning til kulturlandskap og rikare lauvskog med gamle, hole tre. Kan òg hekke i bygningar og gamle skjorereir.

#### **Jordugle** *Asio flammeus*

Observert nokre få gonger i område ovanfor skoggrensa (TBR). Det er mogleg at arten kan hekke i kommunen i gode smånagarår.

## SEGLARAR

### **Tårnseglar** *Apus apus*

Sporadiske observasjonar. Hekking er ikkje kjent frå Osterøy. Kan flyge svært langt frå reiret på næringssøk og observasjonar av tårnseglar på Osterøy kan dreie seg om hekkefuglar frå Bergen.

## RÅKEFUGLAR

### **Hærfugl** *Upupa epops*

Observert tre gonger på Osterøy. Eit individ vart sett i Hannisdalen 1/5-1979 (LRSK-arkiv). Eit individ vart sett på Hauge i 1990. Denne fuglen vart seinare funnen død og levert Bergen Museum.

## SPETTEFUGLAR

### **Vendehals** *Jynx torquilla*

**Sårbar (V)**

Fåtalig hekkefugl nær kulturlandskap. Har m.a. hekka i fuglekasser på Valestrandsfossen og på Vare (TBR). Har gått kraftig tilbake på landsbasis dei seinare åra. Kanskje som ei følgje av endra beitebruk (attgroing av gammal beitemark), men vel så sannsynleg ligg årsaka i overvintringsområda i tropisk Afrika.

### **Gråspett** *Picus canus*

**Omsynskrevjande (DC)**

Fåtalig hekkefugl. Vel helst eldre lauv- og furublandingskog. Krev bestandar av gammal skog med ein viss tilgang på store osper innan leveområdet. Hovudnæringa er maur, men går om vinteren over til vedlevande insekt, og er difor knytt til gammalskog med god tilgang på død ved. Reduksjon i arealet av gammalskog lokalt vil vere negativt for arten. Kan oppsøke foringsplassar om vinteren.

### **Grønspett** *Picus viridis*

Fåtalig hekkefugl i eldre lauv- og blandingskog. Meir vanleg enn gråspett. Mesteparten av maten blir tatt på bakken, spesielt maur, og oppgravne maurtuer er ofte grønspetten sitt verk.

### **Flaggspett** *Dendrocopos major*

Truleg fåtalig hekkefugl. Hekkar i bar- og lauvskog, også i hagar med høge gamle tre. Reiret er oftast osp. Flaggspetten er mindre kravstor til hekkeområdet enn dei andre spettane. Tar treborande insekt, bær og konglefrø av furu og gran. Om vinteren konglespesialist. Dei såkalla spettesmiene er det alltid flaggspetten som står bak. Oppsøker gjerne foringsplassar. Flaggspetten kan òg opptre invasjonarsarta enkelte år og opptre ofte meir talrikt haust og vinter enn i hekketida.

### **Kvitryggspett** *Dendrocopos leucotos*

**Sårbar (V)**

Fåtalig hekkefugl. Arealkrevjande gammalskogart som krev ei viss mengd ståande død ved innan leveområdet. Hovudnæringa, i alle fall vinterstid, er larvar av treborande biller. Arten har gått kraftig tilbake innan utbreiingsområdet, og Vestlandet har truleg den største livskraftige bestanden i Vest-Europa. Intensiv skogsdrift er det viktigaste trugsmålet mot arten.

### **Dvergspett** *Dendrocopos minor*

**Omsynskr. (DC)**

Fåtalig hekkefugl. Har m.a. hekka i Valestrandsmarka (TBR). Dvergspetten er knytt til eldre lauvskog med god tilgang på morkne eller delvis døde tre.



For fleire av spettane er tilgang på ståande, død ved viktig. Særleg kvitryggspetten er avhengig av rikelig tilgang på død ved der han finn treborande billelarvar. Merke som dette er mest typisk for kvitryggspett, men kan også bli laga av flaggspett og gråspett. Opp gjennom åra kan slike stubbar fullstendig uthakka. Foto: Olav Overvoll.

## SPORVEFUGLAR

### **Songlerke** *Alauda arvensis*

Sporadisk trekkgjest. 5-7 individ observert i Havrådalen oktober 2002 (TBR).

### **Sandsvale** *Riparia riparia*

Omlag 70 par hekkar i eit sandtak på Mele. Sandsvala har tidlegare hekka i sandtak på Hauge (TBR). Sandsvala er tradisjonelt knytt til naturlege sandbankar langs elvekantar, og

hekkar hos oss nesten utelukkande i såkalla erstatningsbiotopar (sandtak).

**Låvesvale** *Hirundo rustica*

Relativt vanlig hekkefugl i løer og uthus i jordbrukslandskap over heile kommunen. Tor Bjarte Reigstad har studert bestandsutvikling og ungeproduksjon og ringmerka reirungar på 50-60 gardsbruk i kommunen i ei årrekke.

**Taksvale** *Delichon urbica*

Hekkar spreidd i koloniar på bygningar fleire stader i kommunen.

**Trepiplerke** *Anthus trivialis*

Vanleg hekkefugl i både lauvskog og furuskog.

**Heiplierke** *Anthus pratensis*

Vanleg hekkefugl knytt til opne landskap. Ofte talrik i fjellet.

**Skjærpiplerke** *Anthus petrosus* **Ansv. hekkebest.**

Er registrert hekkande på Votloholmen (TBR). Førrekjem elles fåtalig langs fjorden vinterstid.

**Vintererle** *Motacilla cinerea*

Eit par har hekka nedanfor Kringastemma dei to siste åra (2003-04). Er elles berre registrert to gonger: Ved Valestrandsfossen 26/3-2000 og ved Loneelva 31/3-2001. Vintererla hekkar gjerne i same type område som fossekallen, langs bratte elve- og bekkegjel.

**Linerle** *Motacilla alba*

Vanleg hekkefugl ved kulturmark og vassdrag over heile kommunen.



Linerle er ein vanleg art ved kulturmark og vassdrag over heile Osterøy. Foto: Sveinung Klyve.

**Sidensvans** *Bombycilla garrulus*

Regelmessig gjest i vinterhalvåret.

**Fossekall** *Cinclus cinclus*

Fåtalog hekkefugl ved rennande vatn. I eigna vassdrag er det gjerne omlag ein kilometer mellom revira. Fossekallbestanden på Osterøy

er godt kartlagt gjennom fleire år (Overvoll & Reigstad 2000). 37 hekkeplassar er kjende og dei fleste blir undersøkte årleg. Hekkebestanden kan variere, særleg i forhold til vintertemperaturen, men i eit normalår hekkar det truleg rundt 25 par i kommunen. Sjølv om mange vel å overvintra, er det ein del av våre fossekallar som trekkjer til landa rundt Østersjøen vinterstid. M.a. er ein fossekall ringmerka på Osterøy kontrollert i Tyskland.

**Gjerdsmett** *Troglodytes troglodytes*

Vanleg hekkefugl i skog og kantvegetasjon i kulturlandskapet.

**Jernsporv** *Prunella modularis*

Vanleg hekkefugl i skog. Overvintrar sporadisk.

**Raudstrupe** *Erithacus rubecula*

Vanleg hekkefugl i all slags skog. Ein del individ overvintrar.

**Raudstjert** *Phoenicurus phoenicurus*

Fåtalog hekkefugl. Karakterart for litt skrinne furuskog, men kan òg hekke i andre skogtypar.

**Buskskvett** *Saxicola rubetra*

Ganske fåtalog hekkefugl. Trivst best i ope tereng med spreidd vegetasjon, som enger og fuktenger i kulturlandskapet.

**Steinskvett** *Oenanthe oenanthe*

Fåtalog hekkefugl i høgareliggende område. Karakterart for seterlandskapet.

**Ringtrast** *Turdus torquatus*

Fåtalog hekkefugl i skoggrensa. Helst i område med litt glissen fjellbjørkeskog.

**Svartrast** *Turdus merula*

Vanleg og talrik hekkefugl i kulturlandskap og skog i heile kommunen. Overvintrar vanleg.

**Gråtrast** *Turdus pilaris*

Vanleg hekkefugl i kulturlandskap og lauvskog i heile kommunen. Mindre flokkar førrekjem på streif i milde vintrar.

**Måltrast** *Turdus philomelos*

Vanleg hekkefugl i skog, helst barskog.

**Raudvengetrast** *Turdus iliacus*

Vanleg og talrik hekkefugl i skog. Enkelte individ kan overvintre.

**Duetrast** *Turdus viscivorus*

Sjeldan hekkefugl. Registrert hekkande for første gong i 1999, då fleire revirhevdande individ vart registrert på Herlandsnesjane og Hakanes (Byrkjeland 1999).

**Gulsongar** *Hippolais icterina*  
Fåtalig hekkefugl. Karakterart for fuktig oreskog nær elvar og bekkar.

**Tornsongar** *Sylvia communis*  
Fåtalig hekkefugl i kant- og buskvegetasjon i kulturlandskapet.

**Hagesongar** *Sylvia borin*  
Årviss trekkjæst, men hekking er ikkje kjent.

**Munk** *Sylvia atricapilla*  
Vanleg hekkefugl i rikare lauvskog og kantskog.

**Gulbrynsongar** *Phylloscopus inornatus*  
Svært sjeldan trekkjæst. 1 individ ringmerka på Valestrandsfossen 3/10-1999 (Falkenberg 2000).

**Bøksongar** *Phylloscopus sibilatrix*  
To individ vart ringmerka på Valestrandsfossen hausten 1994 (TBR).

**Gransongar** *Phylloscopus collybita*  
Relativt vanlig hekkefugl, gjerne i litt rikare lauvskog.

**Lauvsongar** *Phylloscopus trochilus*  
Svært talrik hekkefugl over heile kommunen.

**Fuglekonge** *Regulus regulus*  
Ganske vanleg hekkefugl i barskog, særleg i litt eldre granplantefelt.

**Gråflugesnappar** *Muscicapa striata*  
Ganske vanleg hekkefugl ved kulturmark og i halvopen lauv- og blandingskog.

**Svartkvitflugesnappar** *Ficedula hypoleuca*  
Relativt vanleg hekkefugl. Finst i all slags skog som har førekomstar av spette- eller meisehol, og tar gjerne i bruk fuglekassar.



Mange av meiseartane hekkar gjerne i fuglekassar, særleg kjøtmeis (bildet) og blåmeis. Svartkvitflugesnappar hekkar òg gjerne i kassar av same storleik som kjøtmeisa. Foto: Sveinung Klyve.

**Stjertmeis** *Aegithalos caudatus*  
Fåtalig hekkefugl, helst i litt eldre lauvskog.

**Lauvmeis** *Parus palustris*  
Fåtalig hekkefugl, helst i open lauv- og blandingskog.

**Granmeis** *Parus montanus*  
Vanleg og talrik hekkefugl i skog.

**Toppmeis** *Parus cristatus*  
Fåtalig til vanleg hekkefugl i furuskog.

**Svartmeis** *Parus ater*  
Fåtalig hekkefugl i barskog.

**Blåmeis** *Parus caeruleus*  
Vanleg og talrik art som hekkar i lauv- og blandingskog. Tar gjerne i bruk fuglekassar.

**Kjøtmeis** *Parus major*  
Vanleg og talrik hekkefugl. Tar gjerne i bruk fuglekassar.

**Spettmeis** *Sitta europaea*  
Ganske vanleg hekkefugl i eldre lauvskog. Tar også i bruk fuglekassar.

**Trekrypar** *Certhia familiaris*  
Fåtalig hekkefugl litt eldre skog, helst barblandingskog.

**Varslar** *Lanius excubitor*  
Sjeldan streif- og vintergjæst. Observert fleire gonger (minst 7) på Osterøy, nesten alle om vinteren. Sist registrert ved Borgavatnet 26/3-2000 (Falkenberg 2001).

**Nøtteskrike** *Garrulus glandarius*  
Fåtalig hekkefugl i barskog. Oppsøker gjerne fuglebrettet vinterstid.

**Skjor** *Pica pica*  
Vanleg og relativt talrik hekkefugl nær busetnad og kulturlandskap.

**Nøttekråke** *Nucifraga caryocatactes*  
Fåtalig hekkefugl. Hekkar gjerne i litt eldre granfelt, men vil ha tilgang på hasselnøtter i nærleiken.

**Kaie** *Corvus monedula*  
Den einaste kjende observasjonen frå Osterøy er to individ observert ved Haus 18/4-1999 (NOF-ekskursjon).

**Kornkråke** *Corvus frugilegus*  
Eit individ observert på Valestrandsfossen 9/6-1984 (Osaland 1985).

**Kråke** *Corvus cornix*

Vanleg hekkefugl i kulturlandskapet og ved busetnad og tilgrensande skogområde.

**Ravn** *Corvus corax*

Fåtalog hekkefugl som nesten utelukkande hekkar i bratte bergveggar.

**Stare** *Sturnus vulgaris*

Vanleg hekkefugl nær dyrka mark. Hekkar i holrom og tar gjerne i bruk fuglekassar.

**Gråspurv** *Passer domesticus*

Vanleg hekkefugl i jordbruksområde.

**Bokfink** *Fringilla coelebs*

Vanleg og talrik hekkefugl i skog. Enkelte individ overvintrar.

**Bjørkefink** *Fringila montifringilla*

Ganske vanleg hekkefugl i høgareliggande bjørkeskog.

**Grønfink** *Carduelis chloris*

Truleg ganske vanleg hekkefugl i tilknytning til kulturlandskapet. Vanleg, og ofte talrik art på fuglebrettet vinterstid.

**Stillits** *Carduelis carduelis*

Sjeldan vintergjest. Eit individ observert på foringsbrett på Valestrandsfossen i 1996 og seks individ vart rapportert frå Osterøy i 2002 (Falkenberg 2003).

**Grønsisik** *Carduelis spinus*

Fåtalog til vanlig hekkefugl i skog.

**Tornirisk** *Carduelis cannabia*

Førekjem relativt fåtalog under trekket. Få konkrete observasjonar, men arten førekjem nok hyppigare enn desse skulle tilseie.

**Bergirisk** *Carduelis flavirostris* **Ansv. hekkebestand**

Truleg relativt fåtalog hekkefugl, særleg i høgareliggande område.

**Brunsisik** *Carduelis cabaret*

Truleg relativt vanlig hekkefugl. Arten var inntil nylig rekna som ein underart av gråsisik, men både utbreiing draktforskjellar og storleik gjer at brunsisiken no har fått status som eigen art (men dei kan ikkje skiljast på lyd, og det er ofte svært vanskelig å skilje dei på draktkarakterar også). Brunsisiken er som hekkefugl tilknytt kystnære furuskogsområde i Sør-Noreg. Arten opptrer også vanlig i større og mindre flokkar i trekketidene og om vinteren, gjerne i blandingsflokkar med gråsisik.

**Gråsisik** *Carduelis flammea*

Opptrer vanleg i større og mindre flokkar i trekketidene og om vinteren, gjerne i blandingsflokkar

med brunsisik. Har som hekkeart langs kysten ei meir nordleg utbreiing enn brunsisiken, og er i vårt fylke knytt til bjørkeskogen i indre fjordstrok og områda opp mot bjørkebeltet.

**Grankorsnebb** *Loxia curvirostra*

Hekkar truleg fåtalog i eldre barskog. Invasjonssart som enkelte år kan opptre i høge tal utanfor hekketida.

**Furukorsnebb** *Loxia pytyopsittacus*

Truleg fåtalog hekkefugl i eldre barskog. Kan òg opptre relativt vanleg i vinterhalvåret, men opptrer ikkje like invasjonssarta som grankorsnebb.

**Konglebit** *Pinicola enucleator*

Sjeldan vintergjest som ikkje er observert på Osterøy sidan ein individ herfrå vart levert ZMB i 1880-åra. Hekkar på taigaen og i nordlege Sverige og Finland. Småflokkar blir år om anna observert på vinterbesøk i indre delar av Hordaland.

**Dompap** *Pyrrhula pyrrhula*

Fåtalog hekkefugl i skog, først og fremst barskog.



Dompap. Foto: Sveinung Klyve.

**Gulspurv** *Emberiza citrinella*

Fåtalog hekkefugl i kulturlandskap og hogstfelt. Oppsøker gjerne fuglebrettet om vinteren, men må reknast som fåtalog også i vinterhalvåret.

### **Sivsporv** *Emberiza schoeniclus*

Fåtalig hekkfugl ved nokre av våtmarksområda i kommunen.

## **PATTEDYR**

### **INSEKTETARAR**

### **Piggsvin** *Erinaceus europaeus* **Bør overvakast (DM)**

Ganske vanleg nær bustadområde og kulturlandskap. Er svært utsett for påkjørslar ved kryssing av vegar.



Piggsvin. Foto: Sveinung Klyve

### **Vanleg spissmus** *Sorex araneus*

Vanleg art over det meste av kommunen. Fleire belegg finst ved ZMB.

### **Dvergspissmus** *Sorex minutus*

Truleg om lag like vanleg som vanleg spissmus. Fleire belegg finst ved ZMB.

### **Vannspissmus** *Meomys fodiens*

Truleg relativt fåtalig langs vassdrag. To belegg ved ZMB.

## **FLAGGERMUS**

Flaggermus er ei dyregruppe ein lenge har visst relativt lite om både når det gjeld utbreiing og økologi. Fram til 1989 var samlingane ved Zoologisk Museum Bergen den viktigaste kjelda til kunnskapen vår om førekomst og utbreiing av dei ulike flaggermusartane i Hordaland. I 1989 og utover på 1990-talet gjennomførte Tor Stormark feltundersøkingar i samband med ei hovudfagsoppgåve. Han gjennomførte òg undersøkingar finansiert av Fylkesmannen si miljøvernnavdeling (ei oppsummering er gitt i Stormark 1996). I 1998 og 1999 gjennomførte Norsk Zoologisk Forening, på oppdrag frå Fyl-

kesmannen si miljøvernnavdeling, ei fylkesdekkande undersøking av flaggermus (Syvertsen m.fl. 2000). Desse undersøkingane har gitt mykje ny kunnskap om utbreiing og førekomst av flaggermus i Hordaland, og til no er sju artar med sikkerheit registrerte i fylket. Fem av desse er også påviste i Osterøy kommune.

Tre av artane funne på Osterøy er oppførte i kategorien DM (bør overvakast) på den nasjonale raudlista. Dette er først og fremst eit uttrykk for at ein har lite kunnskap om dei. Flaggermus er elles i ein spesiell forvaltings-situasjon, i og med at både dag-, vinter- og barselkoloniar ofte er knytte til bygningar.

Meir informasjon om flaggermus finn du på nettsidene til Norsk Zoologisk Forening. Her ligg det òg mykje informasjon om dei andre norske pattedyrartane:

<http://www.zoologi.no>

### **Vannflaggermus** *Myotis daubentonii*

Er truleg, etter nordflaggermusa, den mest utbreidde flaggermusarten i Hordaland. Fem sikre funn føreligg frå Osterøy, men arten er truleg relativt vanleg også her i kommunen.

### **Skjeggflaggermus**

*Myotis mystacinus*

**Bør overvakast (DM)**

Arten er påvist på Osterøy av Stormark (1996). Skjeggflaggermusa kan ikkje skiljast frå brandtflaggermus *Myotis brandtii* i felt, desse artane kan berre skiljast dersom ein har dei i handa. Berre skjeggflaggermusa er med sikkerheit påvist i Hordaland. Eit ubestemt individ registrert av Syvertsen m.fl. (2000), dreier seg difor mest sannsynleg om skjeggflaggermus.

### **Nordflaggermus** *Eptesicus nilssonii*

Vanlegaste flaggermusart på Osterøy, og Vestlandet forøvrig. Fleire funn frå Osterøy føreligg (Syvertsen m.fl. 2000).

### **Skimmelflaggermus**

*Vespertilio murinus*

**Bør overvakast (DM)**

Truleg ein fåtalig art i Hordaland. Eit funn føreligg frå Osterøy (Syvertsen m.fl. 2000).

### **Dvergflaggermus**

*Pipistrellus pygmaeus*

**Bør overvakast (DM)**

Også ein relativt vanleg art på vestlandet. Syvertsen m.fl. (2000) registrerte fem individ på Osterøy i samband med flaggermusundersøkingane i 1998.

## **ROVDYR**

### **Raudrev** *Vulpes vulpes*

Ganske vanleg art over det meste av kommunen.



**Mink** *Mustela vison*

Nordamerikansk art som vart innført til Noreg som pelsdyr i 1930-åra. Vilde minkar er etterkommarar av dyr som har rømt frå pelsdyrfarmar. Arten er ganske vanleg på heile Osterøy, og er i første rekkje tilknytt strandsoner og vassdrag i låglandet.

**Røyskatt** *Mustela ereminea*

Truleg ganske vanleg art over store delar av kommunen.

**Snømus** *Mustela nivalis*

Finst truleg i fjellområda i kommunen, men konkrete funn er ikkje kjent.

**Mår** *Martes martes*

Fåtalig art tilknytt område med eldre skog.



Røyskatten er truleg vanleg over det meste av kommunen, men dokumentasjon manglar. Det er heller ikkje ofte ein får eit glimt av dyret, i alle fall ikkje på innsida av eit hyttevindauge, slik som her. Foto: Sveinung Klyve.

**Oter** *Lutra lutra*

**Bør overvakast (DM)**  
**Ansvarsart**

Det finst få konkrete nyare observasjonar av oter på Osterøy, og teikn på yngling er ikkje kjent. Arten er i framgang i Nordhordland og det er ikkje usannsynleg at oteren vil kunne etablere seg på Osterøy i nær framtid.

**Gaupe** *Lynx lynx*

**Bør overvakast (DM)**

Det skal ha blitt gjort fleire observasjonar av gaupe i kommunen, men det finst ingen dokumentasjon som stadfestar førekomst. Etablering av gaupe på Osterøy er svært usannsynleg, men streifdyr kan ikkje utelukkast (slike dyr må evt. ha kryssa fjorden på ei av dei to bruene eller på is om vinteren). Det er ikkje kjent yngling av gaupe i Hordaland i nyare tid.

**HAREDYR****Hare** *Lepus timidus*

Blir rekna som relativt fåtalig. Knytt til både skog og fjellområda.

**GNAGARAR****Ekorn** *Sciurus vulgaris*

Relativt vanleg art i skog.

**Brunrotte** *Rattus norvegicus*

Fåtalig art knytt til busette område. Har truleg gått tilbake. Dokumentasjon manglar.

**Lita skogmus** *Apodemus sylvaticus*

Vanleg art i skog. Går ofte inn i hus og blir ofte forveksla med husmusa, som er ein svært sjeldan art i Hordaland.

**Markmus** *Microtus agrestis*

Sannsynleg vanleg art i skog og kulturlandskap, men dokumentasjon manglar.

**Klatremus** *Clethrionomys glareolus*

Vanleg art i skog.

**Lemen** *Lemmus lemmus*

**Ansvarsart**

Vanleg art i fjellet. Arten er kjent for sine store bestandssvingingar og er ein svært viktig økologisk faktor i fjellet.

## HJORTEDYR

### Elg *Alces alces*

Enkelte streifdyr har blitt observert. I Hordaland er elgen fåtallig utbreidd i dei austlege kommunane i fylket.

### Hjort *Cervus elaphus*


Hjorten er den desidert største jaktressursen i kommunen. I 2003 vart det felt 264 dyr i kommunen, og dette utgjør ei slaktevekt på ca. 15 tonn og ein førstehands kjøtvverdi på rundt 750.000 kr.

Hjortebestanden har lenge vore i vekst over heile Vestlandet. Til no ser det ikkje ut til at denne veksten har vore særleg sterkt avgrensa

av beitegrunnet. Ein ytterlegare vekst vil imidlertid kunne endre dette, noko som kan føre til redusert kondisjon og slaktevekt.

Hjorteforvaltninga er ein av dei store utfordringane i viltstellsamanheng. Kor stor ein ønskjer at hjortebestanden skal vere, blir ei avveging mellom ønsket om størst mogleg bestand i forhold til beitegrunnet og minst mogleg beiteskadar på skog og innmark.

Å peike ut område som er spesielt viktige for hjorten på Osterøy er vanskeleg. Men generelt vil lågareliggjande, sørvendte lauvskogslier med tynt eller kortvarig snødekke kunne vere ein minimumsfaktor vinterstid, spesielt i snørike vintrar.



Figur 1. Tal felte hjort og tildelte løyve i Osterøy kommune 1984-2003.



© Viggo Ree

## **FORSLAG TIL VIDARE KARTLEGGING**

Grunna eit lågt budsjett har ein hatt avgrensa tid til feltundersøkingar i dette prosjektet. Ved framtidige revisjonar av viltkartverket er det naudsynt at feltregistreringar får ein større plass i kartlegginga enn det ein har lagt opp til i denne omgang. Det vil kunne auke presisjonen av viltopplysningane, noko som er viktig for å kunne drive god og presis viltforvaltning. Dagens kartlegging vil vere eit viktig grunnlag for vidare arbeid. Under er det foreslått nokre konkrete felt ein ønskjer meir kunnskap om i Osterøy:

- Avgrensinga av ein del funksjonsområde i skog (beite- og leveområde for storfugl, spetar og hjort) bør om mogleg bli meir presis. For fleire av dei prioriterte viltområda er ønskjeleg med eit betre underlagsmateriale. Dagens avgrensing av desse områda bør i større grad vurderast på grunnlag av synfaringar og feltundersøkingar i hekkeperioden.
- For ein del fåtalige og sårbare artar i skog er det behov for ein gjennomgang av eksisterande opplysningar og nykartlegging der do-

kumentasjonen er tynn. Dette gjeld særleg hønehawk, storfugl og fleire av spetteartane:

- For hønehawk er det aktuelt med søk etter reir.
- Når det gjeld storfugl, bør plassering og status for nokre av leikane undersøkast. Her er det òg ønskjeleg med jamleg oppfølging av eit utval leikar for å få eit mål på bestandsutviklinga.
- For spetteartane er det ønskjeleg å få betre dokumentasjon på førekomst og utbreiing, dette gjeld særleg raudlistearane kvitryggspett og gråspett. Om mogleg bør viktige spettebiotopar kartleggast meir presist. Større område med eldre skog er viktige, men desse kan vere vanskeleg å handtere forvaltingsmessig. Difor er det viktig innanfor desse områda å kartfeste nøkkelbiotopar - konkrete hekkeplassar, eldre ospeholt og gammalskog med særleg god tilgang på gadd (ståande død ved).
- Dokumentasjon av førekomst og utbreiing av amfibiar (frosk og padde) og småpattedyr bør bli betre.

## 8. BRUKARINTERESSER I NATUREN OG KONFLIKTAR I FORHOLD TIL VILTET

### SKOGBRUK

Omlag 32% av arealet i Osterøy, eller omlag 80000 daa) er produktiv skog, dvs. skog som veks raskt nok til å kunne danne grunnlag for lønsamt skogbruk. Mange av dei truga og sårbare viltartane er knytt til dei produktive skogsmiljøa og difor har den enkelte skogeigar ei viktig rolle når det gjeld forvaltning av viltet sine leveområde.

Dagens konflikt mellom viltinteresser og skogbruksinteresser er knytt til intensiv utnytting av skogareala på høge bonitetar for tømmerproduksjon. Slike konflikthar til no vore relativt små på Osterøy, og har i første rekke vore knytt til planting av gran, som ikkje er eit naturleg treslag i kommunen (omlag 30% av det produktive skogsarealet i kommunen er kulturskog).

Dei artane som først og fremst blir rekna som sårbare i forhold til skogbruket er artar som krev større, samanhengande område med gammal skog (fortrinnsvis barskog). Høsehauk og storfugl er blant dei mest utsette, fordi dei områda som er mest attraktive for desse artane samstundes er dei mest attraktive i skogbruksamheng. Bestandstilbakegangen hos desse artane på landsbasis har truleg først og fremst skjedd etter ca. 1950, i samband med innføringa av bestandskogbruket. Større hogstflater, treslagsskifte og ein meir einsarta skogstruktur har mange stader ført til ei fragmentering av leveområda for desse artane.

Bestandsskogbruket har òg negative konsekvensar for spettane, særleg artar som i stor grad er avhengige av ståande, død ved, som kvitryggspett og gråspett. Mangel på eldre ospeholt kan òg vere eit problem. Spesielt gråspetten er avhengig av tilgang på eldre osp som reirtre. Ei rekkje andre holrugande fugleartar er igjen avhengige av gamle spettehol som reirplass. Ein nedgang i spettebestandane kan difor også få konsekvensar for desse såkalla sekundære holrugarane.

Etterkvart har auka kunnskap om økologi gjort det mogleg å drive skogen meir økologisk riktig. Dei siste åra har skogbruket vist større vilje til å ta fleirbruksomsyn i skogbruksplanlegginga. Det kan likevel ofte kome til konflikt mellom ønsket om å drive skogen økologisk forsvarleg og samstundes maksimere det økonomiske utbyttet. God skogbruksplanlegging, der også kunnskap om økologi har ein sentral plass, er svært viktig i denne samanheng. Under følgjer nokre tiltak som vil vere viktige for å ta omsyn til viltinteressene:

- Eit visst minimumsareal med gammalskog må oppretthaldest.
- Ein bør sette att kantskog mot myr, elvar, vatn og dyrka mark.
- Ein bør unngå hogst i bekkeløfter, like under bratte bergskrentar og på rasmark.
- Mindre øyar på myr og i vatn er ofte viktige hekkelokalitetar og bør difor ikkje hoggast.
- Sumpskog bør i størst mogleg grad sparast for hogst. Sumpskog er ofte svært viktig som beiteområde og hekkeområde for fugl. Det er òg ein relativt sjeldan naturtype.
- Ein bør unngå grøfting av myr og "vassjuk" mark.
- Sett igjen nokre store tre som får sjansen til å bli verkeleg gamle.
- Sett igjen døde tre og store lauvtre, særleg osp, for å oppretthalde reirtre og viktige næringskjelder for spettar.
- Unngå treslagsskifte i rik lauvskog og eldre blandingskog.
- Ta omsyn til funksjonsområde for spesielle artar, t.d. reirområde for rovfugl og leikområde for storfugl.
- Ved vegframføring og hogst i prioriterte viltområde er det viktig at viltmyndigheitene tidleg blir tatt med i planlegginga.

### JORDBRUK

Også jordbrukslandskapet er svært viktig for mange viltartar. Jordbrukslandskapet er kjenneteikna ved høg primærproduksjon, noko som også viltet kan dra nytte av (Jordbruksområda får kunstig høg planteproduksjon ved gjødsling, og i tillegg er jordbruksareala som regel lagt til dei frå før mest produktive områda). Særleg det småskala jordbrukslandskapet som har vore utbreidd på Osterøy, er samansett av ei rekkje ulike biotopar med leveområde for ei mange ulike viltartar. Mange av viltartane finst truleg i høgare tal i jordbrukslandskapet enn i dei naturlege leveområda sine. Enkelte artar ville òg vore sjeldne eller kanskje heilt fråverande lokalt, utan jordbrukslandskapet (t.d. låvesvale, stare og gråspurv).

Intensivering og mekanisering av jordbruket har ført til eit meir einsarta landskap der tilgangen på ulike levestader er lågare enn ved tradisjonell jordbruksdrift. Karakteristiske trekk ved dagens jordbruk som kan ha negative konsekvensar for viltet er: Attgroing av beitemark, kanalisering og lukking av bekkar, grøfting av fuktmark, fjerning av kantskog og åkerholmar, sprøyting, vassforureining ved utslepp av gjødsel og silosaft, tørrlegging og oppdyrking av våtmark.

På den andre side kan viltet ha uønskte verknader på landbruket. Mange stader har ei veksende hjortestamme ført til auka problem med beiteskadar på skog og innmark. Det er òg tidvis konflikthar mellom rovdyr og sauehald i enkelte område. Reven er nok det rovdyyret som hyppigast fører til lammetap på Osterøy. Når det gjeld freda rovvilt er kongeørna truleg den

einaste aktuelle skadegjeraren på småfe i kommunen, men til vanleg må tap som skuldast denne arten reknast som svært lite.

## **FRILUFTSLIV OG FERDSEL**

I Noreg har allmenta lovfesta rett til fri ferdsel i utmarka. Dette gjeld dei fleste former for friluftsliv, men med visse avgrensingar (jakt, fiske og motorisert- og organisert ferdsel). Ferdsel i utmark er ofte eit resultat av den enkelte si interesse for natur og naturopplevingar. Likevel vil slik ferdsel, både til lands og til vanns, nesten alltid kunne ha visse negative konsekvensar for viltet. Særleg i yngletida er mange viltartar vare for forstyrningar, men også til andre årstider kan stress på grunn av ferdsel kunne føre til at enkelte artar endrar bruken av området.

Hundar kan gjere stor skade på viltet dersom dei blir sleppte laus i viltet si yngletid, det er difor innført bandtvang i tida mellom 1. april og 20. august.

## **JAKT**

Som ved anna ferdsel i utmark kan jakt, ved ferdsla i seg sjølv, ha uheldige verknader på viltet, også på artar som ikkje er jaktbare. Jakta føregår imidlertid til den tida på året då viltet er minst sårbart for forstyrningar.

Når det gjeld småviltet har uttaket i samband med jakta under normale forhold liten verknad på bestandsutviklinga. Likevel vil eit høgt lokalt jaktpress over tid truleg kunne føre til ein reduksjon i lokale viltbestandar (Kastdalen 1992, Hjeljord 1994), både som ein følgje av sjølv uttaket, og ved at viltet flyttar til andre område. Det er sjølv sagt grenser for kor stort jakttrykk ein bestand tåler, difor er det viktig at den lokale viltforvaltninga til ei kvar tid vurderer kvar grensa for forsvarleg uttak går.

Når det gjeld hjortevilt er jakta eit viktig bestandsregulerande verkemiddel. Prinsippet om retta avskyting er innført for å oppnå ei ønska kjønns- og alderssamansetjing i bestanden for dermed å oppnå optimal produksjon. Retta avskyting føreset at ein har god kjennskap til bestandsstorleik og alders- og kjønnsfordelinga i bestanden. "For store" bestandar av hjortevilt kan føre til lavare slaktevekter (generelt dårlegare kondisjon), redusert overleving om vinterein og store beiteskadar på skog og innmark. Kor stor ein ønskjer at hjortebestanden skal vere blir difor ei avveging mellom ønsket om optimal produksjon og omfanget av beiteskadar.

Det er viktig å understreke at jakt ikkje er nødvendig for viltet eller naturen sin eigen del, men berre ut frå vårt eige ønske om optimal produksjon og jaktutbyte.

## **FAUNAKRIMINALITET**

Jakt og fangst av freda vilt, særleg truga og sårbare rovfuglar og ugler, er eit utbreidd problem på landsbasis. Dette gjeld både ulovleg felling av det nokre oppfatar som "skadevilt", felling av sjeldne artar for utstopping og ulovleg innsamling av egg og ungar t.d. for falkoneri. I Noreg er det generelt forbod mot eggssamling, og medviten forstyrring av hekke/yngleplassar kan òg i alvorlege tilfelle reknast som faunakriminalitet. Omfanget av slik aktivitet lokalt på Osterøy er ikkje kjent, men ved mistanke om ulovleg eller uansvarleg aktivitet bør lensmannsetaten og miljøvernansvarleg i kommunen varslast. I enkelte tilfelle kan det vere aktuelt å vurdere eit oppsynssamarbeid med folk frå lokalmiljøet.

## **BUSTADOMRÅDE OG INDUSTRI**

Bygging av bustadar, industri, havneområde osv. vil alltid ha visse negative konsekvensar for enkelte viltartar. Direkte ved sjølv arealinngrepet og indirekte ved auka aktivitet, ferdsel og støy. I framtidig arealforvaltning er det viktig at industri, bustadfelt eller hyttefelt ikkje blir lagt innanfor prioriterte viltområde og heller ikkje så nær opptil desse at dei blir vesentleg negativt påverka.

## **VEGAR**

Vegbygging er ofte store naturinngrep. Ein av dei største negative konsekvensane er den fragmenteringa av landskapet som vegbygging fører med seg. Særleg større vegar, med høge vegskjeringar og stor trafikk kan representere vandringshinder for enkelte viltartar. Vegframføring opnar dessutan for auka tilgjenge til område som det frå før var meir tidkrevjande å nå. Dette kan føre til auka forstyrningseffekt langt utanfor sjølv vegtraséen. Påkjørslar av vilt er òg stadvis eit alvorleg problem, ikkje berre for viltet men òg når det gjeld trafikktryggleik. Ved planlegging og tilrettelegging kan skadeverknadane avgrensast. Ved bygging av traktorvegar og skogsbilvegar er det viktig at skogetaten tar kontakt med viltforvaltingsmyndighetene, for i størst mogleg grad å unngå alvorlege konflikhtar.

## **VASSDRAGSREGULERING**

Ved kraftutbygging kan det oppstå mange uheldige konsekvensar for viltet, både ved direkte inngrep i hekke- og yngleområde og indirekte ved forringing av næringstilgang. Anleggsverksemda fører ofte til store arealinngrep (vegframføring og tunneltipp), i tillegg kan aktiviteten i anleggsperioden verke forstyrrande. Anleggsvegane lettar dessutan tilgangen til avsidesliggende område.

Sjølve reguleringa kan føre til oversvømming av hekkeområde og dårlegare næringstilgang gjennom uttørking av bekkar og elvar (t.d. dårlegare produksjon av fisk, botndyr og insekt). Når det gjeld endringar i vasstand er særleg lomartane utsette fordi dei oftast bygger reiret like i vasskanten.

Mindre vassdragsreguleringar kan vere aktuelt i samband med drikkevasskjelder og setjefiskanlegg, men slike reguleringar har eit mykje mindre omfang enn regulering for kraftproduksjon.

## KRAFTLEIDNINGAR

Kollisjon med kraftleidningar tek livet av svært mykje fugl, og dei årlege tala er truleg sjusifra. Når det gjeld dei jaktbare artane, særleg hønsefuglar, reknar ein med at kraftleidningar kvart år tek livet av fleire fuglar enn det som blir felt under jakta.

Det er dei mindre høgspenlinjene som er farlegast for viltet, fordi dei er mindre synlege og ofte ligg i høgde med tretoppene. Men også større høgspenlinjer er farlege, særleg i skumringa og om natta.

Dei fleste fuglane misser livet ved kollisjon med leidningane, men enkelte rovfuglar og ugler er òg utsette for såkalla elektrokusjon. Desse brukar stolpane som utkikkspost og kan få straum gjennom seg når dei rører ved to kablar



Mange fuglar misser livet ved kollisjon med kraftlinjer. Korleis kraftlinjene blir plasserte kan ha avgjerande betydning for kor stort kollisjonsproblemet blir. Foto: Sveinung Klyve.

eller kabel og jord samstundes. Problemet er kjent både for hubro og hønsehauk, men hubroen er særleg utsett. Problemet kan fjernast ved å isolere leidningane med plaststrømper dei første metrane ut frå kvar stolpe.

På grunn av faren for påflyging og elektrokusjon, er det viktig å ta omsyn til viltet ved plassering av nye linjetraséar. Ein bør unngå å legge kraftlinjer gjennom dei prioriterte viltområda, men dersom det likevel ikkje er til å unngå, kan god planlegging redusere skadeverknadane. Kraftlinjer bør ikkje leggest i inn- og utflygingsruta frå våtmarkslokalitetar, nær spelplassar for skogshøns eller i nærleiken av hekkeplassar for rovfugl og hubro. I særleg utsette område bør ein vurdere jordkabel.

## AVFALL

Opne avfallsplassar har ofte blitt trekte fram i samband med uønskt store populasjonar av rev og kråkefugl, som blir sett på som viktige predatorar på egg og ungar av jaktbart vilt\*.

Små, private avfallsplassar kan ha den same effekten som større kommunale fyllingar. Det har òg blitt reist spørsmål om slakteavfall frå hjortejakta kan vere med å oppretthalde "kunstig" høge bestandar av rev og kråkefugl (Smedshaug & Sonerud 1997). Dersom ein har mistanke om at dette kan vere eit problem, bør ein ta konsekvensen av dette og "feie for eiga dør".

\*Om kråkefuglane verkeleg spelar ei viktig rolle når det gjeld regulering av skogshønsbestandane er tvilsamt. Reven ser ut til å spele ei langt viktigare rolle enn både rovfugl, kråkefugl og mårdyr til saman. I Aust-Agder vart det dokumentert ein auke i bestandane av både mår, hønsehauk og storfugl ein periode etter utbrotet av reveskabb (Selås m. fl. 1995).

## OPPDRETTSANLEGG

Oppdrettsanlegg legg beslag på areal i kystsona og i og ved enkelte ferskvatn. Dette kan føre til visse konflikhtar i forhold til viltinteressene. Eit oppdrettsanlegg kan ha ein direkte forstyrings-effekt, og plassering av anlegget nært kjende hekkeplassar for sjøfugl og andre nøkkelområde for viltet kan vere uheldig. Andre konflikhtar går på at enkelte dyreartar nyttar oppdrettsanlegg som matfat. Dei mest aktuelle "konfliktartane" er skarv, gråhegre, måsar (spesielt gråmåse og svartbak), ærfugl (som et blåskjel), oter og steinkobbe.

Konfliktane mellom oppdrettsnæring og vilt har etter det ein kjenner til ikkje vore store i Osterøy. Det er likevel viktig at ein tar omsyn til denne problematikken ved framtidig plassering av oppdrettsanlegg. Dersom plassering av anlegga blir gjort i samråd med viltmyndighetene, vil ein i større grad kunne unngå opplagte konflikhtar.

## 9. LITTERATUR

- Anon. 1990. Ornitologiske observasjoner 1989. - Krompen 19 (1): 17-24.
- Byrkjeland, S. 1999a. Ornitologisk inventering av Herlandsnesjane naturreservat, Osterøy kommune 1999. – Rapport frå Norsk Ornitologisk Forening, avd. Hordaland.
- Byrkjeland, S. 1999b. Status for hekkande sjøfugl i Hordaland 1980-1998. – Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv. MVA Rapport nr. 2/1999. 106 s. + vedlegg.
- Byrkjeland, S. 2000. Kvinender ved settefiskanlegg i Hordaland. - Krompen 29 (4): 166-168.
- Danielsen, I. 1996. Handlingsplan for truete og sårbare viltarter i Hordaland - med rødliste. MVA-rapport 2-1996. 74 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1996. Viltkartlegging. DN-håndbok 11. 112 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Nasjonal rødliste for truete arter i Norge 1998. DN-rapport 1999-3. 162 s.
- Falkenberg, F. 2000. Fugler i Hordaland 1999. – Krompen 29:73-103.
- Falkenberg, F. 2001. Fugler i Hordaland 2000. - Krompen 30 (2): 74-104.
- Falkenberg, F. 2002. Fugler i Hordaland 2001. - Krompen 31 (3): 94-119.
- Folkestad, A.O. & Sleire, M.H. 2000. Prosjekt Havørn. Havørnbestanden i Hordaland pr. 2000. Rapport for prosjektperioden 1974-2000. – Intern rapport til Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv.
- Gjerde, I. 1988. Storfuglbestanden i Hordaland: Størrelse, utvikling og forvaltning. – Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv. Rapport. 33 s.
- Gjerde, I. 1990. Tiurleiker i Hordaland 1990. – Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv. Internt notat.
- Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.) 1994. *Norsk fugleatlas*. – Norsk Ornitologisk Forening, Klæbu.
- Haftorn, S. 1971. *Norges Fugler*. Universitetsforlaget. 862 s
- Hjeljord, O. 1995. Ryper og jakt. Hvor stort uttak tåler en rypestamme? – Fagnytt Naturforvaltning nr. 6-1995. 4 s.
- Håland, A. 1979. Invasjonsartet opptreden av taffeland - Krompen 8 (3): 87-93.
- Kastdalen, I. 1992. Skogshøns og jakt. – Rapport, Norges Jeger og Fiskerforbund. 37s.
- Mjøs, A.T. & Frantzen, E. 1996. Hordalandsrapporten 1995. - Krompen 25 (3): 63-74.
- Mjøs, A.T. & Frantzen, E. 1997. Hordalandsrapporten 1996. - Krompen 26 (4): 180-193.
- Osaland, O.M. 1985. Ornitologiske observasjoner 1984. - Krompen 14 (2): 60-74.
- Overvoll, O. & Reigstad, T.B. 2000. Ringmerking og studie av fossekall i Hordaland (og andre stader). – Krompen 29 (2): 104-108.
- Selås, V., Smedshaug, C.A., Lund, S.E. & Sonerud, G. 1995. Reveskabbens betydning for småviltet i Norge. – Fagnytt naturforvaltning nr. 10-1995: 1-4. Norges landbrukshøgskole.
- Smedahaug, C.A. & Sonerud, G.A. 1997. Rovdyr, åtsler og predasjon på småvilt. – Fagnytt naturforvaltning nr. 8-1997: 1-4. Norges landbrukshøgskole.
- Stormark, T.A. 1996. Flaggermus i Hordaland. Del III, s. 174-180 i Olsen, K.M. (red.): Kunnskapsstatus for flaggermus i Norge. – Norsk Zoologisk Forening. Rapport 2. 210 s.
- Syvertsen, P.O., Isaksen, K., Olsen, K.M., Rigstad, K. og Starholm, T. 2000. Kartlegging av flaggermus i Hordaland. Kunnskapsstatus 1999. – Norsk Zoologisk Forening. Rapport 9, manuskript.





## VEDLEGG I. ARTSLISTE

I den følgjande artslista har vi prøvd å gi ein grov kvantitativ status for dei ulike viltartane i Osterøy. Mange av desse vurderingane er høgst skjønsmessige. For det første er kunnskapsgrunnlaget i mange tilfelle for dårleg. Og særleg når det gjeld smånagarar og ein del fugleartar varierer talet svært mykje frå årstid til årstid og frå år til år. Det er sjølv sagt òg store nyansar i førekomsten artane imellom, og ikkje minst mellom dei ulike artsgruppene, som er umogleg å få fram i ei slik oversikt. For nokre artar, der ein meiner å ha grunnlag for det, er det gjort eit estimat for talet på hekkepar. Det vil òg vere mogleg å finna meir utfyllande informasjon i statuskapitlet. Ein del av vurderingane i lista kan heilt sikkert diskuteras, og det er eit ønske at ein i framtida skal få betre kunnskap om dei ulike artane sin status i kommunen.

Kodar nytta i artslista:

Status	Førekomst
D påvist yngling	(x) enkeltobservasjonar
C sannsynleg yngling	(xx) fåtalig, uregelmessig
B mogleg yngling	X fåtalig, regelmessig
O observert	XX vanlig
* tidlegare	XXX talrik

Oppsummering:

Gruppe	Status				Totalt
	D	C	B	O	
Amfibium	2	0	0	0	2
Krypdyr	1	0	0	0	1
Fuglar	79	15	8	54	156
Pattedyr	6	15	1	2	24
<b>Totalt</b>	<b>88</b>	<b>30</b>	<b>9</b>	<b>56</b>	<b>183</b>

Norsk navn	Vitskapeleg navn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
<b>AMFIBIUM</b>						
Padde	<i>Bufo bufo</i>	D	X	X	X	dvale
Frosk	<i>Rana temporaria</i>	D	X	X	X	dvale
<b>KRYPDYR</b>						
Hoggorm	<i>Vipera berus</i>	D	XX	XX	XX	dvale
<b>FUGLAR</b>						
<b>LOMMAR</b>						
Smålom	<i>Gavia stellata</i>	D	X	X	X	
Storlom	<i>Gavia arctica</i>	O	(xx)			
<b>STORMFUGLAR</b>						
Stormsvale	<i>Oceanodroma leucorhoa</i>	O			(x)	
<b>SKARVAR</b>						
Storskarv	<i>Phalacrocorax carbo</i>	O	X	X	X	X
<b>HEGRER</b>						
Gråhegre	<i>Ardea cinerea</i>	D	X	X	X	X
<b>ANDEFUGLAR</b>						
Songsvane	<i>Cygnus cygnus</i>	O	X		X	X
Kortnebbgås	<i>Anser brachyrhynchus</i>	O			(x)	
Grågås	<i>Anser anser</i>	O	XX		XX	
Kanadagås	<i>Branta canadensis</i>	O	X	X	X	X
Kvitkinngås	<i>Branta leucopsis</i>	O		(x)		
Brunnakke	<i>Anas penelope</i>	B	X	X	X	
Krikkand	<i>Anas crecca</i>	D	X	X	X	
Stokkand	<i>Anas platyrhynchos</i>	D	XX	XX	XX	
Taffeland	<i>Aythya ferina</i>	O				(x)
Toppand	<i>Aythya fuligula</i>	B	XX	X	XX	XX
Bergand	<i>Aythya marila</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Ærfugl	<i>Somateria mollissima</i>	B	X	X	X	X

Norsk navn	Vitskapeleg navn	Status	Førekost			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Havelle	<i>Clangula hyemalis</i>	O	X		X	X
Sjørørre	<i>Melanitta fusca</i>	O	X		X	X
Kvinand	<i>Bucephala clangula</i>	O	XX	X	XX	XX
Lappfiskand	<i>Mergus albellus</i>	O				(x)
Siland	<i>Mergus serrator</i>	D	X		X	X
Laksand	<i>Mergus merganser</i>	O	X		X	X
<b>ROVFUGLAR</b>						
Havørn	<i>Haliaeetus albicilla</i>	O	X	X	X	X
Hønsenhauk	<i>Accipiter gentilis</i>	D	X	3-4 par	X	X
Sporvehauk	<i>Accipiter nisus</i>	D	X	X	X	X
Fjellvåk	<i>Buteo lagopus</i>	D	X	(xx)	X	
Kongeørn	<i>Aquila chrysaetos</i>	O	X	X	X	X
Fiskeørn	<i>Pandion haliaetus</i>	O	(x)			
Tårnfalk	<i>Falco tinnunculus</i>	C	X	X	X	
Dvergfalk	<i>Falco columbarius</i>	B	X	X	X	
Jaktfalk	<i>Falco rusticolus</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Vandrefalk	<i>Falco peregrinus</i>	D	X	1 par	X	X
<b>HØNSEFUGLAR</b>						
Lirype	<i>Lagopus lagopus</i>	D	X	X	X	X
Fjellrype	<i>Lagopus mutus</i>	D	X	X	X	X
Orrfugl	<i>Tetrao tetrix</i>	D	X	X	X	X
Storfugl	<i>Tetrao urogallus</i>	D	X	X	X	X
<b>TRANEFUGLAR</b>						
Vannrikse	<i>Rallus aquaticus</i>	O				(x)
Åkerrikse	<i>Crex crex</i>	B*		(xx)		
Sivhøne	<i>Gallinula chloropus</i>	D				(xx)
Sothøne	<i>Fulica atra</i>	O				(xx)
Trane	<i>Grus grus</i>	O	(x)			
<b>VADEFUGLAR</b>						
Tjeld	<i>Haematopus ostraalgeus</i>	D	X	X	X	
Sandlo	<i>Charadrius hiaticula</i>	O	(x)			
Heilo	<i>Pluvialis apricaria</i>	C	X	X	X	
Vipe	<i>Vanellus vanellus</i>	D	X	X	X	
Fjøreplytt	<i>Calidris maritima</i>	C	X	X	X	X
Kvartbekkasin	<i>Lymnocyptes minimus</i>	O				X
Enkeltbekkasin	<i>Gallinago gallinago</i>	D	X	X	X	X
Rugde	<i>Scolopax rusticola</i>	D	X	X	X	X
Storspove	<i>Numenius arquata</i>	D	X	X	X	
Raudstilk	<i>Tringa totanus</i>	D	X	X	X	
Skogsnipe	<i>Tringa ochropus</i>	C	(xx)	(xx)		
Grønstilk	<i>Tringa glareola</i>	O	(xx)		(xx)	
Strandsnipe	<i>Actitis hypoleucos</i>	D	XX	XX	XX	
<b>JOAR, MÅSAR OG TERNER</b>						
Tjuvjo	<i>Stercorarius parasiticus</i>	O				(x)
Hettemåse	<i>Larus ridibundus</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Fiskemåse	<i>Larus canus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Sildemåse	<i>Larus fuscus</i>	O	X	X	X	
Gråmåse	<i>Larus argentatus</i>	C	XX	XX	XX	XX
Svartbak	<i>Larus marinus</i>	B	X	X	X	X
Makrellterne	<i>Sterna hirundo</i>	D	X	X	X	
Raudnebbterne	<i>Sterna paradisaea</i>	B	X	X	X	
<b>ALKEFUGLAR</b>						
Lomvi	<i>Uria aalge</i>	O				(xx)
Alke	<i>Alca torda</i>	O				(xx)
Alkekonge	<i>Alle alle</i>	O				(xx)

Norsk navn	Vitskapeleg navn	Status	Førekost			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
<b>SANDHØNS</b>						
Steppehøne	<i>Syrhaptus paradoxus</i>	O		(x)		
<b>DUER</b>						
Bydue	<i>Columba livia</i>	O	(x)	(x)	(x)	(x)
Ringdue	<i>Columba palumbus</i>	C	X	X	X	X
Tyrkerdue	<i>Streptopelia decaocto</i>	C	X	X	X	X
Turteldue	<i>Streptopelia turtur</i>	O		(x)		
Mongolturteldue	<i>Streptopelia orientalis</i>	O			(x)	
<b>GAUKEFUGLAR</b>						
Gauk	<i>Cuculus canorus</i>	D	X	X	X	
<b>UGLER</b>						
Hubro	<i>Bubo bubo</i>	D*	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Haukugle	<i>Surnia ulula</i>	O			(xx)	(xx)
Kattugle	<i>Strix aluco</i>	D	X	X	X	X
Hornugle	<i>Asio otus</i>	O	(x)			
Jordugle	<i>Asio flammeus</i>	O				(x)
<b>SEGLARAR</b>						
Tårnseglar	<i>Apus apus</i>	O		(xx)		
<b>RÅKEFUGLAR</b>						
Hærfugl	<i>Upupa epops</i>	O	(x)		(x)	
<b>SPETTEFUGLAR</b>						
Vendehals	<i>Jynx torquilla</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	
Gråspett	<i>Picus canus</i>	D	X	X	X	X
Grønspett	<i>Picus viridis</i>	D	X	X	X	X
Flaggspett	<i>Dendrocopos major</i>	D	X	X	X	X
Kvitryggspett	<i>Dendrocopos leucotos</i>	D	X	X	X	X
Dvergspett	<i>Dendrocopos minor</i>	D	X	X	X	X
<b>SPORVEFUGLAR</b>						
Songlerke	<i>Alauda arvensis</i>	O			(xx)	
Sandsvale	<i>Riparia riparia</i>	D	X	X	X	
Låvesvale	<i>Hirundo rustica</i>	D	XX	XX	XX	
Taksvale	<i>Delichon urbica</i>	D	X	X	X	
Trepplerke	<i>Anthus trivialis</i>	D	XXX	XXX	XXX	
Heipplerke	<i>Anthus pratensis</i>	D	XXX	XXX	XXX	(xx)
Skjærpiplerke	<i>Anthus petrosus</i>	O				X
Vintererle	<i>Motacilla cinerea</i>	O	(x)			
Linerle	<i>Motacilla alba</i>	D	XX	XX	XX	
Sidensvans	<i>Bombycilla garrulus</i>	O	X		X	X
Fossefall	<i>Cinclus cinclus</i>	D	X	20-30 par	X	X
Gjerdsmett	<i>Troglodytes troglodytes</i>	D	XXX	XXX	XXX	XX
Jernsporv	<i>Prunella modularis</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Raudstrupe	<i>Erithacus rubecula</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Raudstjert	<i>Phoenicurus phoenicurus</i>	D	X	X	X	
Buskskvett	<i>Saxicola rubetra</i>	D	X	X	X	
Steinskvett	<i>Oenanthe oenanthe</i>	D	X	X	X	
Ringtrast	<i>Turdus torquatus</i>	D	X	X	X	
Svarttrast	<i>Turdus merula</i>	D	XXX	XXX	XXX	XX
Gråtrast	<i>Turdus pilaris</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Måltrast	<i>Turdus philomelos</i>	D	XX	XX	XX	(x)
Raudvengetrast	<i>Turdus iliacus</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Duetrast	<i>Turdus viscivorus</i>	C	X	X	X	
Sivsongar	<i>Acrocephalus schoenobaenus</i>	O	X	X	X	
Gulsongar	<i>Hippolais icterina</i>	D	X	X	X	
Møllar	<i>Sylvia curruca</i>	O			(x)	

Norsk navn	Vitskapeleg navn	Status	Førekost			
			Vår	Sommar	Haut	Vinter
Tornsongar	<i>Sylvia communis</i>	D	X	X	X	
Hagesongar	<i>Sylvia borin</i>	B	X	(xx)	X	
Munk	<i>Sylvia atricapilla</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Gulbrynsongar	<i>Phylloscopus inornatus</i>	O			(x)	
Bøksongar	<i>Phylloscopus sibilatrix</i>	O			(x)	
Gransongar	<i>Phylloscopus collybita</i>	D	X	X	X	
Lauvsongar	<i>Phylloscopus trochilus</i>	D	XXX	XXX	XXX	
Fuglekonge	<i>Regulus regulus</i>	D	X	X	XX	X
Gråflugesnappar	<i>Muscicapa striata</i>	D	XX	XX	XX	
Svartkvitflugesnappar	<i>Ficedula hypoleuca</i>	D	XX	XX	XX	
Stjertmeis	<i>Aegithalos caudatus</i>	D	X	X	X	X
Lauvmeis	<i>Parus palustris</i>	D	X	X	X	X
Granmeis	<i>Parus montanus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Toppmeis	<i>Parus cristatus</i>	D	X	X	X	X
Svartmeis	<i>Parus ater</i>	D	X	X	X	X
Blåmeis	<i>Parus caeruleus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Kjøtmeis	<i>Parus major</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Spettmeis	<i>Sitta europaea</i>	D	XX	XX	XX	XX
Trekrypar	<i>Certhia familiaris</i>	D	X	X	X	X
Varslar	<i>Lanius excubitor</i>	O				(xx)
Nøtteskrike	<i>Garrulus glandarius</i>	C	X	X	X	X
Skjor	<i>Pica pica</i>	D	XX	XX	XX	XX
Nøttekråke	<i>Nucifraga caryocatactes</i>	C	X	X	X	X
Kaie	<i>Corvus monedula</i>	O	(x)			
Kornkråke	<i>Corvus frugilegus</i>	O		(x)		
Kråke	<i>Corvus cornix</i>	D	XX	XX	XX	XX
Ravn	<i>Corvus corax</i>	D	X	X	X	X
Stare	<i>Sturnus vulgaris</i>	D	XX	XX	XX	(x)
Gråspurv	<i>Passer domesticus</i>	D	X	X	X	X
Bokfink	<i>Fringilla coelebs</i>	D	XXX	XXX	XXX	(xx)
Bjørkefink	<i>Fringilla montifringilla</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Grønfink	<i>Carduelis chloris</i>	D	XX	XX	XX	XX
Stillits	<i>Carduelis carduelis</i>	O				(xx)
Grønsisik	<i>Carduelis spinus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Tomirisk	<i>Carduelis cannabina</i>	O	(xx)		X	
Bergirisk	<i>Carduelis flavirostris</i>	D	XX	X	XX	X
Brunsisik	<i>Carduelis cabaret</i>	C	XX	XX	XXX	XX
Gråsisik	<i>Carduelis flammea</i>	D	XX	XX	XXX	XX
Grankorsnebb	<i>Loxia curvirostra</i>	C	X	X	X	X
Furukorsnebb	<i>Loxia pytyopsittacus</i>	C	X	X	X	X
Dompap	<i>Pyrrhula pyrrhula</i>	D	X	X	X	X
Konglebit	<i>Pinicola enucleator</i>	O				(x)
Gulspurv	<i>Emberiza citrinella</i>	C	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Sivspurv	<i>Emberiza schoeniclus</i>	C	X	X	X	

## PATTEDYR

### INSEKTETARAR

Piggsvin	<i>Erinaceus europaeus</i>	D	X	X	X	X
Vanlig spissmus	<i>Sorex araneus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Dvergspissmus	<i>Sorex minutus</i>	C	XXX	XXX	XXX	XXX
Vannspissmus	<i>Meomys fodiens</i>	C	X	X	X	X

### FLAGGERMUS

Vannflaggermus	<i>Myotis daubentonii</i>	C	XX	XX	XX	dvale
Skjegg-/Brandtflaggermus	<i>M. mystacinus/M. brandtii</i>	C	X	X	X	dvale/trekk?
Skimmelflaggermus	<i>Vespertilio murinus</i>	C	X	X	X	dvale/trekk?
Nordflaggermus	<i>Eptesicus nilssonii</i>	C	XX	XX	XX	dvale
Dvergflaggermus	<i>Pipistrellus pygmaeus</i>	C	XX	XX	XX	dvale

Norsk navn	Vitskapeleg navn	Status	Førekost			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
<b>ROVDYR</b>						
Raudrev	<i>Vulpes vulpes</i>	C	XX	XX	XX	XX
Mink	<i>Mustela vison</i>	D	X	X	X	X
Røyskatt	<i>Mustela ereminea</i>	C	XX	XX	XX	XX
Snømus	<i>Mustela nivalis</i>	B	?			
Mår	<i>Martes martes</i>	C	X	X	X	X
Oter	<i>Lutra lutra</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
<b>PARTÅA</b>						
Hjort	<i>Cervus elaphus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Elg	<i>Alces alces</i>	O	(x)	(x)	(x)	(x)
<b>HAREDYR</b>						
Hare	<i>Lepus timidus</i>	D	X	X	X	X
<b>GNAGARAR</b>						
Ekorn	<i>Sciurus vulgaris</i>	D	XX	XX	XX	XX
Brunrotte	<i>Rattus norvegicus</i>	C	X	X	X	X
Lita skogmus	<i>Apodemus sylvaticus</i>	C	XXX	XXX	XXX	XXX
Markmus	<i>Microtus agrestis</i>	C	XXX	XXX	XXX	XXX
Klatremus	<i>Clethrionomys glareolus</i>	C	XX	XX	XX	XX
Lemen	<i>Lemmus lemmus</i>	C	XX	XX	XX	XX



## VEDLEGG II. KART

Alle kommunar har informasjonen frå viltkartlegginga på digital form. På denne måten kan kommunen sjølv framstille temakart etter behov. I nokre samanhengar kan det vere praktisk å ha viltkart i plotta utgåve. Ved plotting og t.d. ved framstilling av viltinformasjon i kommuneplanen sin arealdel er det vanleg praksis å dele informasjonen i fire tema: 1) Småvilt, 2) Hjortevilt, 3) Opplysningar unnateke offentlegheit og 4) Prioriterte viltområde. I denne viltrapporten er berre karta over hjortevilt og prioriterte viltområde vedlagt. Det sistnemnde kartet er framstillt på grunnlag av dei andre temakarta og nokre område er justerte ved fagleg skjøn på grunnlag av opplysningar om fåtalige og sårbare artar og kunnskap om dei aktuelle artane sine krav til leveområde.

Med unntak av opplysningane som er unnateke offentlegheit (t.d. hekkeplassar for enkelte trua og sårbare artar), er underliggande opplysningar allment tilgjenge gjennom Naturbasen på Direktoratet for naturforvaltning sine heimesider: [www.naturforvaltning.no](http://www.naturforvaltning.no)






# Kart 1. Skog og jordbruksareal

- Lauvskog
- Furu- og blandingskog
- Jordbruksareal
- Myr





0 2 4 km


Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv.  
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50), NIJOS/Geovekst (DMK)






## Kart 2. Hjortevilt

-  Viktige beiteområde
-  Trekkveg





-  Lauvskog
-  Furu- og blandingskog
-  Jordbruksareal
-  Myr






### Kart 3. Prioriterte viltområde

-  Svært viktig
-  Viktig

-  Lauvskog
-  Furu- og blandingskog
-  Jordbruksareal
-  Myr







ISBN 82-8060-032-9  
ISSN 0804-6387